

Sunnfjord kommune

# Kunnskapsgrunnlag innsparing og omstilling

August 2025

# Innhald


1. Bakgrunn og tilnærming s. 3
2. Kunnskapsgrunnlag s. 7
    1. Stab og støtte s. 7
    2. Skule og SFO s. 21
    3. Barnehage s. 29
    4. Helse og sosial s. 33
    5. Omsorg s. 52
    6. Kultur s. 91
    7. Teknisk og miljø s.102

# Bakgrunn og tilnærming

# Bakgrunn

I denne rapporten presenterer ein kunnskapsgrunnlaget knytt til sektorer og einingar. Mandatet for arbeidet vart gitt av formannskapet 13.mars med dei økonomiske vanskane til kommunen som bakgrunn. I dette dokumentet finn ein det detaljerte kunnskapsgrunnlaget. Dette dokumentet må sjåast i samanheng med presentasjonen i kommunestyret 19.6.25.

Kunnskapsgrunnlaget har blitt utforma av økonomiteamet i nært samarbeid med både einingsleiarar og kommunalsjefane.

Som orientert om tidlegare omfatter kunnskapsgrunnlaget alle einingar utanom skular og barnehagar. Årsaka til at desse ikkje er med er at det alt er utforma eit omfattande kunnskapsgrunnlag knytt til skular og barnehager i samband med prosjekta Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen og Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Som de vil sjå er det eit omfattande kunnskapsgrunnlag som no ligg føre. Kunnskapsgrunnlaget har blitt utforma på kort tid. Både analyser og nye tiltak viser ei form for prioritering på kva områder kommunen bør arbeide vidare. På desse områda vil det oftast vere naudsynt med ytterlegare analyser og vurderinger før ein kan gjere vedtak om tiltak.

# Innhald i kunnskapsgrunnlag

I tabellen under er mandatet knytt til kunnskapsgrunnlaget presentert, samt ei forklaring på korleis ein har arbeidd for å svare ut mandatet.

| Mandatet knytt til kunnskapsgrunnlag | Forklaring |
|---|---|
| Gå gjennom budsjett og rekneskap 2022, 2023 og 2024 for alle einingar, samt kort oversikt over tal årsverk og hovudoppgåver og samle i eit format som er eigna for analyse og vurdering | Gjennomført og er lagt inn på side 1 i kunnskapsgrunnlaget. |
| Analysere årsaker til avvik og fordeling av ressursar (kva modell er ressursane fordelt etter? har like oppgåver like ressursar?) | Det er gjennomført analyser i kunnskapsgrunnlaget. Dette kjem fram dels på første side i kunnskapsgrunnlaget (nøkkeltal) og andre side der det er ein eigen bolk med analyse. Det er berre i skule og barnehage at kommunen har ein eigen «matematisk» ressurstildelingsmodell. Spesielt innan pleie har kommunen fleire einingar som har same oppgåve (f.eks omsorgssenter og heimesjukepleie). For desse einingane er det lagt inn nøkkeltal som gjer at ein kan sjå skilnader i ressursbruk. Årsakene til forskjeller i ressursbruk må ein kome nærare tilbake til i vidare analysearbeid. |
| Analysere og vurdere lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver i einingane | For alle einingane er det no lagt inn lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. I enkelte tilfelle er det er vanskeleg å vurdere dette kva som er lovpålagd oppgåve for ein kommune og kva som ikkje er lovpålagd. På enkelte område er lovverket spesifikt, medan det på andre er mindre spesifikt og dermed meir krevande å vurdere. |
| Utarbeide rapport med faktadel, analysedel og tiltaksdel. | Dette dokumentet er rapporten. Tiltaksdelen som bør vurderast framover framgår av side to av kunnskapsgrunnlaget, medan allereie vedtekne tiltak framgår av side en av kunnskapsgrunnlaget. |

# Status sektor: Stab og støtte

**Hovudoppgåver:**

Stab og støtte er sektor området for støttefunksjonane i kommunen. Stab og støtte omfattar einingane kommunedirektøren, personal, service, rekneskap og løn, fagutvikling, næring og samfunnsutvikling og kommuneadvokaten. Kvar eining blir omtalt kvar for seg.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sektoren har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 2,5 mill. kroner og eit utfordringsbilete frå 2024 på 2,2 mill. kroner. Per mars melder sektoren balanse. Det er mål om å klare innsparinga og utfordringsbildet i 2025.

KST 122/24

KST 127/24

Innsparing i 2025 er fordelt ut på einingane i sektoren, og blir omtalt under einingane.

## Stab og støtte

Kommunedirektør | Personal | Service | Rekneskap og lønn | Fagutvikling | Næring og samfunnsutvikling | Kommune-advokaten

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 94 | 96 | 90 | 89 |
| Lønn (rev. budsjett) | 93,3 (92,4) | -10,6 (4,0) | 72,0 (56,7) | (103,3) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 270,2 (206,2) | 146,7 (134,1) | 111,5 (91,7) | (65,7) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -135,2 (-64,8) | -122,9 (-96,4) | -61,3 (-44,3) | (-17,7) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **228,3 (233,8)** | **13,2 (41,7)** | **122,3 (104,1)** | **(151,3)** |

| Planlagde tiltak: | Planlagd innsparing | Framdrift innsparing |
|---|---|---|
| Innsparing i planperioden 2025-2028 | 2,5 | 2025 |
| Innsparing i planperioden 2025-2028 | 4,0 | 2026 |
| Innsparing i planperioden 2025-2028 | 5,5 | 2027 |
| Innsparing i planperioden 2025-2028 | 7,8 | 2028 |

# Status eining: Kommunedirektør

**Hovudoppgåver:**

Kommunedirektøren er kommunedirektøren sitt område og inneheld områda kommunedirektøren si leiargruppe, politisk leiing, råd og utval, revisjon, kontrollutval, kyrkja, felles kostnadar til ikt, lisensar og kontingentar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Felles kostnadar som prisjustering, lønnspott, pensjon, festeavgifter og konsesjonskraft vart flytta til eige område i budsjettet for 2025. Grunnen til meirforbruket i 2024 kjem av høge pensjonskostnadar og konsesjonskraft.

Eininga har eit innsparingskrav i 2025 på 0,5 mill. kroner som gjeld kyrkja. Dette tiltaket blir gjennomført i 2025 med reduksjon i tilskot til kyrkja.

Eininga tar med seg eit utfordringsbilete frå 2024 på 2,2 mill. kroner som er knytt til lisensar og digitalisering i kommunen. Dette utfordringsbildet vil ein klare å løyse med sparte kostnadar og stillingar som er vakante i sektoren.

Per april melder sektoren balanse. Det er mål om å klare innsparinga og utfordringsbildet i 2025.

| Sektor | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kommunedirektør** | Personal | Service | Rekneskap og lønn | Fagutvikling | Næring og samfunnsutvikling |
| Kommune-advokaten | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 11,4 | 11,4 | 11,3 | 10,3 |
| Lønn (rev. budsjett) | 3,8 (6,4) | -117,3 (-101,3) | -12,5 (-34,5) | (19,4) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 191,5 (167,1) | 65,1 (65,1) | 74,4 (64,3) | (49,5) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -44,3 (-19,0) | -26,2 (-15,9) | -25,6 (-18,2) | (-1,4) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **151,0 (154,4)** | **-78,3 (-52,0)** | **36,4 (11,6)** | **(67,6)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Innsparing 2025, kyrkja | KST 122/24 | 0,5 | 0,5 | 2025 |
| Innsparing planperioden kyrkja, total 4 484 | KST 127/24 | 4,484 | | 2026-2028 |
| Innsparing planperioden stab og støtte, total 3 159 | KST 127/24 | 3,159 | | 2026-2028 |

# Analyse og tiltak eining: Kommunedirektør

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Iverksetje vedtak | |
| Leie den daglege drifta | |
| Internkontroll | |
| Økonomirapportering | |
| Årsrapport | |
| Saksførebuing og utgreiing, og delegert mynde | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Administrasjonen i kommunen har eit omfattande ansvar for å sikre at innbyggarane får tilgang til nødvendige offentlege tenester. Desse oppgåvene er regulert gjennom ei rekke lover og forskrifter, og utgjer kjernen i det kommunale velferdstilbodet. Kommunelova fastset rammene for kommunal verksemd og styring. Kommunen er eit sjølvstendig rettssubjekt med folkevald leiing, administrasjonen skal støtte opp under det lokale demokratiet og sikre effektiv drift. Kommunedirektøren er øvste administrative leirar og har ansvar for å gjennomføre vedtak fatta av kommunestyret.

**Analyse:**

Eininga hadde eit meirforbruk på 24,8 mill. kroner i 2024. Dette kom av høge pensjonskostnadar og konsesjonskraft. Sjukefråværet er på 1,3 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og lang sikt | Organisering, eige prosjekt som er starta. |

# Status eining: Personal

**Hovudoppgåver:**

Eininga har støttefunksjon opp mot kommunalsjefar og einingsleiarar i alle sektorane. Dei tilsette jobbar mot kvar sine sektorar.

Har ansvar for personaladministrasjonen, HMS og beredskap.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 0,77 mill. kroner som er å ta ned ei stilling i eininga.

Utover dette er løns- og driftsutgiftene redusert til eit minimum, men likevel innanfor forsvarleg drift. Bortfall av ei stilling vil derimot måtte bety lågare aktivitet. Ein må prioritere dagleg drift, og mindre utviklingsarbeid.

For å kompensere for dette, arbeider vi no med nærare samarbeid og arbeidsfordeling mellom einingane i staben, samt bruk av fleire elektroniske skjema som skal gjere sakshandsaming i alle ledd enklare og tidsbesparande.

Eininga har ansvaret for ein del felles kurs/undervisning i kommunen, og midlar til bruk av bedriftshelsetenste. Dette utgjer dei største kostnadane i driftsbudsjettet. Mykje av dette er knytt til lovpålagte tenester.

Samtidig er det områder vi ikkje klarar å arbeide godt nok med i dag. Det gjeld innan HMS-området generelt og oppfølging av sjukmeldte spesielt. Målet på sikt må derfor vere å frigjere ressursar frå daglege driftsoppgåver innan personalforvaltning, til utviklingsområder innafor personal og spesielt HMS.

Sektor

| Kommunedirektør | **Personal** | Service | Rekneskap og lønn | Fagutvikling | Næring og samfunnsutvikling |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommune-advokaten | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 17,4 | 16,9 | 15,7 | 16,4 |
| Lønn (rev. budsjett) | 15,0 (15,0) | 16,9 (17,0) | 17,3 (17,1) | (16,1) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,4 (1,6) | 1,5 (1,7) | 1,4 (1,7) | (1,5) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -1,1 (-1,2) | -1,1 (-1,2) | -1,1 (-1,3) | (-1,0) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **15,3 (15,4)** | **17,3 (17,4)** | **17,5 (17,5)** | **(16,5)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Innsparing 2025, årsverk | KST 127/24 | 0,77 | 0,77 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Personal

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Arbeidsgiveransvar og organisering | |
| Tilsetjing og oppseiing | |
| Løn og godtgjersle | |
| HMS og arbeidsmiljø | |
| Medverknad og partssamarbeid | |
| Opplæring og kompetanseutvikling | |

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og lang sikt | Organisering, eige prosjekt som er starta. |

**Analyse:**

Eininga hadde eit meirforbruk på 0,04 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i eininga var på 2,9 % i 2024.

# Status eining: Service

**Hovudoppgåver:**

Driftar tenestetorg, sentralbord og dokumentsenter for heile kommunen. Eininga har støttefunksjon opp mot kommunalsjefar og einingsleiarar fordelt på alle sektorane.

I tillegg jobbar vi med informasjonsarbeid, digitalisering, eigedomsskatt, kommunale avgifter og fakturering/vederlags berekning for omsorgstenestene. Vi driv også saksbehandling av startlån og bustøtte, ambulerande skjenkeløyve og parkering- og følgjekort, samt borgarleg vigsel.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 0,819 mill. kroner som er å ta ned 2*50 % årsverk i eininga, og eit innsparingskrav på 0,05 mill. kroner ved å redusere tal vallokale til hausten.

Tilsette i Service nyttar mange dataprogram, og der skjer det heile tida oppgraderingar og andre endringar som fører til opplæringsbehov og auka lisenskostnader. Dette veit vi vil skje med skjemaløysing og eigedomsskattemodulen i Komtek i 2026.

I perioden fram til 2028 vil Service ha 5 tilsette som har nådd 67 år eller høgare. 2 tilsette fyller 70 år i 2026. Dette vil truleg føre til nokon vel å redusere stillingane sine, medan andre vil gå heilt av med pensjon. Det vil vere viktig å tilpasse bemanninga til oppgåvene og sikre opplæring/overlapping ved nyrekruttering eller innsparing av stillingar.

Hausten 2025 vil Kommunearkivordninga (KAV) ha nytt depot for papirarkiv klart på Leikanger. Sunnfjord kommune har forplikta seg til å betale 1,2 mill. kroner per år for depotplass til sine papirarkiv. Signala tyder på at vi startar å betale årleg avgift frå 2026. Vi har mykje arkiv som er ferdig ordna og kan avleverast til depotet, men størstedelen er uordna. Vi vil prioritere å levere arkiv som står i ikkje godkjente lokale, og der det etterkvart ikkje vil vere tilsettressursar til å handtere det. Det vil vere betre for oss økonomisk å kjøpe ordningsteneste frå KAV enn å tilsette folk for å gjere ordningsjobben sjølv. Vi kan inngå langsiktige avtalar med KAV om ordning, med oppstart i 2026 med tidshorisont opp mot 20 år. Vi bør bruke minimum 50 000-200 000 kroner per år til ordningsarbeid i 2026-2028. Totalt sett vil vi måtte bruke anslagsvis 15 mill. kroner (2024 kroner) før alt arkiv er ordna.

**Sektor**

| Kommunedirektør | Personal | Service | Rekneskap og lønn | Fagutvikling | Næring og samfunnsutvikling |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommune-advokaten | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 25,5 | 24,4 | 24,0 | 23,0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 18,1 (19,0) | 22,7 (23,2) | 21,0 (22,2) | (22,0) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 3,5 (4,0) | 3,7 (3,8) | 4,1 (4,1) | (4,0) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -1,4 (-0,9) | -1,2 (-0,9) | -1,5 (-0,8) | (-1,3) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **20,3 (22,1)** | **25,3 (26,1)** | **23,6 (25,5)** | **(24,7)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Innsparing 2025, årsverk | KST 127/24 | 0,819 | 0,819 | 2025 |
| Innsparing 2025, vallokale | KST 127/24 | 0,05 | 0,05 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Service

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Personvern og arkivering | Handsaming av startlån og bustøtte |
| Service ved livshendingar | Innbyggarservice og informasjon |
| Brukarorientering og tilgjenge | |
| Førstelinjetenester | |
| Digital service og e-forvaltning | |
| | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Servicefunksjonane i ein kommune er avgjerande for at innbyggarane skal få god tilgang til offentlege tenester, informasjon og hjelp i møte med kommunen. Desse oppgåvene er ikkje alltid direkte lovpålagde, med dei er viktige for å oppfylle kommunen sitt ansvar etter kommunelova og forvaltingslova.

**Analyse:**

Eininga hadde eit mindreforbruk på 1,9 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i eininga var på 5,1 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og lang sikt | Organisering, eige prosjekt som er starta. |

# Status eining: Rekneskap og løn

**Hovudoppgåver:**

Hovudoppgåvene er å føre rekneskap og produsere løn for kommunen, Sunnfjord kyrkjelege fellesråd, SYS-IKL (Sunnfjord og Ytre Sogn legevaktsamarbeid), Vestland revisjon og andre mindre selskap. I tillegg produserer eininga løn inkl fråvær og refusjon for Fjaler og Askvoll kommunar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga har ikkje krav om innsparing i 2025.

Budsjettet for eininga er nøkternt og vil dekke løns- og pensjonskostnader og andre driftsutgifter eininga må ha for å kunne utføre pålagde oppgåver.

Det er budsjettert med 0,2 mill. kroner i overtid, som skal dekke meirarbeid i samband med årsavslutninga. I periodane før lønskøyring er det og naudsynt å nytte overtid, då ein har erfaring med at det vert ein del korrigeringar på innmeldte grunnlag. Når det gjeld andre driftsutgifter, er dette i hovudsak porto, lisensar, kontingentar. Kostnadene på desse postane er eit resultat av tal fakturaer, lønsslippar etc, som vert produsert gjennom året.

Alt eksternt sal av løn og rekneskapstenestar er vidareført med deflatorjustering.

Eininga er redusert med eit årsverk frå 01.01.2024 og skal i gang med ein omstillingsprosess både med tanke på fordeling av arbeidsoppgåver og å jobbe smartare. Eininga skal arbeide med forenkling av arbeidsoppgåver spesielt med tanke på å ta i bruk nytt økonomisystem. Høg arbeidsbelastning og tidspress gjer at vi ikkje kan forvente ytterlegare innsparing dei første åra.

Eininga har 2,7 mill. i inntekter frå andre selskap/kommunar. Dette er løpande avtalar som kan endre seg.

| Sektor | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør | Personal | Service | **Rekneskap og løn** | Fagutvikling | Næring og samfunnsutvikling |
| Kommune-advokaten | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 14,8 | 15,4 | 15,8 | 14,8 |
| Lønn (rev. budsjett) | 11,7 (11,6) | 15,2 (14,5) | 13,9 (14,2) | (14,2) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,1 (1,3) | 1,3 (1,2) | 1,2 (1,3) | (1,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -1,1 (-1,1) | -2,6 (-1,8) | -3,1 (-2,7) | (-2,9) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **11,6 (11,7)** | **13,9 (13,9)** | **12,0 (12,9)** | **(12,7)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak vedtatt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Rekneskap og lønn

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
| --- | --- |
| Årsrekneskap og årsmelding | |
| Økonomiplan og årsbudsjett | |
| Lønnshandtering og rapportering | |
| KOSTRA-rapportering | |
| God kommunal regnskapsskikk | |
| Minimumsavdrag og låneforvaltning | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Kommunar har eit omfattande ansvar for økonomiforvaltning, og dette inkluderer rekneskap og lønn som sentrale funksjonar. Desse oppgåvene er regulert gjennom kommunelova, forskrifter og god kommunal regnskapsskikk.

**Analyse:**

Eininga hadde eit mindreforbruk på 0,9 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i eininga var på 6,6 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
| --- | --- |
| Kort og lang sikt | Organisering, eige prosjekt som er starta. |

# Status eining: Fagutvikling

**Hovudoppgåver:**

Eininga har støttefunksjon opp mot kommunalsjefar og einingsleiarar fordelt på alle sektorane, og har også overordna ansvar for samfunnsplanlegging. Eininga femner derfor svært vidt når det gjeld arbeidsoppgåver.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 0,35 mill. kroner som er å ta ned årsverk i eininga. Avviket i 2024 kjem av meir tilskot, lågare bemanning og sjukelønnsrefusjon.

Fagutvikling har 18,3 faste årsverk, fordelt på 19 tilsette. I tillegg har vi 4-5 årsverk i prosjektstillingar (varierer gjennom året) og 1 tilsett som jobbar på pensjonistløn.

Prosjektstilling som må inn i ramma (skulefråvær), ca 1,1 mill. frå 2026 budsjettet.

| Sektor | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør | Personal | Service | Rekneskap og lønn | **Fagutvikling** | Næring og samfunnsutvikling |
| Kommune-advokaten | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 22,8 | 24,7 | 20,0 | 20,7 |
| Lønn (rev. budsjett) | 24,9 (20,6) | 28,6 (29,1) | 27,4 (32,8) | (26,9) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 16,7 (9,4) | 17,4 (9,6) | 17,8 (11,8) | (0,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -21,4 (-9,3) | -22,8 (-14,1) | -24,6 (-19,9) | (-9,6) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **20,2 (20,7)** | **23,2 (24,7)** | **20,6 (24,8)** | **(17,7)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Innsparing 2025, årsverk | KST 127/24 | 0,35 | 0,35 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Fagutvikling

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Kommuneoverlege | Utviklingsarbeid |
| Internkontroll | Prosjektarbeid |
| | |
| | |
| | |
| | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Arbeidet tett mot einingar og sektorar i kommunen. Fagutvikling har ressursar innan, økonomi, internkontroll, planarbeid, folkehelse, SFO, grunnskule, barnehage, helse, sosial og omsorg. Eininga har ansvar for vertskommunesamarbeid, kommuneoverlege og samhandlings koordinator. Enkelte av stillingane i eininga er finansiert av tilskotsmidlar.

**Analyse:**

Eininga hadde eit mindreforbruk på 4,2 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i eininga var på 5,2 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og lang sikt | Organisering, eige prosjekt som er starta. |

# Status eining: Næring og samfunnsutvikling

**Hovudoppgåver:**

Næring og samfunn handlar mykje om deltaking i regionale prosjekt og søknadar om eksterne tilskot. Det er i mange tilskotssøknadar sett krav til eigenandel, men dette er ikkje tatt omsyn til i budsjettet.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga har ikkje krav om innsparing i 2025.

Har 1,5 årsverk, og den største budsjettposten er overføring av midlar til Sunnfjord utvikling AS.

Einingsleiar er no konstituert kommunalsjef teknisk og miljø. Det er mindre aktivitet i einingane og enkelte oppgåver blir følgt opp av andre tilsette i organisasjonen.

Eininga er litt i «dvale» for tida.

Næring og samfunn handlar mykje om deltaking i regionale prosjekt og søknadar om eksterne tilskot. Det er i mange tilskotssøknadar sett krav til eigenandel, men dette er ikkje tatt omsyn til i budsjettet.

Dersom det skal utførast innsparingar i eininga er det to postar som kan reduserast på. Det er reduksjon i tilsette eller å redusere tilskotet til Sunnfjord Utviking.

Sektor

Kommunedirektør | Personal | Service | Rekneskap og lønn | Fagutvikling | **Næring og samfunnsutvikling**

Kommune-advokaten

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 1,4 | 1,5 | 1,5 | 1,5 |
| Lønn (rev. budsjett) | 1,7 (1,9) | 2,0 (2,0) | 2,0 (2,0) | (2,0) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 12,5 (11,6) | 11,4 (10,2) | 12,5 (8,3) | (8,7) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -6,2 (-5,9) | -4,6 (-3,7) | -5,4 (-1,5) | (-1,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **7,9 (7,6)** | **8,7 (8,5)** | **9,1 (8,8)** | **(9,1)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Innsparing planperioden, total 0,2 | | 0,2 | | 2027 |

# Analyse og tiltak eining: Næring og samfunnsutvikling

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| | Tilskot til Sunnfjord Utvikling AS |
| | Tilskot til nærmiljøråda |
| | Nasjonal turist veg – toalett anlegg, Likholefossen |
| | Tilskot til Merkur-programmet |
| | Fjordkysten regional og GEO park |
| | Student  i Førde |

**Analyse:**

Eininga hadde eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i eininga var på 0,2 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og lang sikt | Organisering, eige prosjekt som er starta. |
| Kort sikt | Tilskot til SU. |

# Status eining: Kommuneadvokaten

**Hovudoppgåver:**

Verksemda gir juridisk rådgjeving til kommuneleiinga og fageiningane. Eininga er også prosessfullmektig for kommunen i saker for domstolane.

Hovudtyngda av bistand er innafor fagfelta forvaltningsrett, erstatningsrett, fast eigedom og kontraktsrett, inkludert anskaffingsprosessar. Kommunen kjøper i tillegg advokattenester til barnevernet eksternt.

Det er stor etterspurnad etter juridisk rådgjeving frå kommuneleiinga og einingane. Innbyggarar og verksemder i kommunen blir stadig meir bevisst på kva juridiske rettar og plikter dei har. Statsforvaltaren følgjer også kommunen tett med tilsyn, og gjennom handsaming av klagesaker. Det er derfor viktig at kommunen har tilgang til ressursar som kan vurdere juridiske problemstillingar.

| Sektor | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør | Personal | Service | Rekneskap og lønn | Fagutvikling | Næring og samfunnsutvikling |
| Kommune-advokaten | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 1,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 1,8 (1,9) | 2,9 (2,9) | 2,9 (2,9) | (2,8) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 0,3 (0,1) | 0,2 (0,2) | 0,2 (0,2) | (0,2) |
| Inntekter (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | 0,0 (0,0) | 0,0 (0,0) | (0,0) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **2,0 (2,0)** | **3,1 (3,1)** | **3,1 (3,1)** | **(3,0)** |

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga har ikkje krav om innsparing i 2025.

Kommuneadvokaten er organisert som eiga eining og rapporterar til assisterande kommunedirektør. Eininga har to årsverk, einingsleiar, som er advokat, og ein advokatfullmektig.

Budsjettet til eininga dekker først og fremst lønnsrelaterte utgifter, tilgang til fagdatabasar, fagleg oppdatering og nødvendig kontorutstyr.

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak vedtatt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Kommuneadvokaten

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Juridisk rådgjeving | |
| Prosedyre og rettssaker | |
| Bistand til kommunale føretak | |
| Offentlegheit og personvern | |
| Strategisk og organisatorisk støtte | |
| | |

**Analyse:**

Eininga var i balanse i 2024. Sjukefråværet i eininga var på 0,0 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang sikt | Utgreie om det er aktuelt å styrke interne juridisk kompetanse innan barnevern og arbeidsrett for å redusere eksterne kostnadar |
| | |
| | |

# Status sektor: Skule og SFO

**Hovudoppgåver:**

Tenesteområde skule har ansvar for grunnskulane/SFO, skuleskyss, Pedagogisk psykologisk tenestekontor, Vaksenopplæring og Integrering.

Vaksenopplæring og Integrering skal busette, følgje opp og undervise flyktningar etter introduksjonslova.

Pedagogisk psykologisk tenestekontor PPT er sakkunnig instans for barnehage, grunnskule og vaksenopplæringa.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sektoren har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 13,1 millionar kroner og eit utfordringsbilete frå 2024 på 5,5 millionar kroner. Per april melder sektoren eit håp om å nå balanse i 2025. Utfordringa er at ressursmodellen har berre 5/12 effekt i 2025.

Skulesektoren i Noreg står overfor store økonomiske utfordringar, og Sunnfjord kommune er ikkje eit unntak. Ein kombinasjon av demografiske endringar, strammare kommunale budsjett og aukande driftskostnader gjer at ein må vurdere nye måtar å fordele og nytte ressursane på. Reduksjonen i elevtalet over tid fører til mindre statleg finansiering, medan kostnadene til løn, vedlikehald av skulebygg og spesialundervisning held fram med å auke. Dette skaper eit press på kommunane for å gjere skulestrukturen meir berekraftig.

For å møte desse utfordringane må kommunen ta i bruk både økonomiske verkemiddel og strukturelle grep. Justeringar i skulestrukturen, samlokalisering av skular og meir effektiv utnytting av skulebygg er tiltak som kan bidra til å redusere utgifter utan at det går ut over kvaliteten i undervisninga. Samstundes er det viktig å sikre at innsparingstiltak ikkje fører til auka belastning for elevar eller tilsette. Økonomisk planlegging i skulesektoren handlar derfor ikkje berre om kostnadskutt, men òg om å sikre at ressursane vert brukt på ein måte som styrkjer kvaliteten og tilbodet i skulen over tid.

| Skule | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Førde barneskule | Halbrend skule | Karstad skule og barnehage | Sunde skule | Holsen skule og barnehage | Frøysland skule og barnehage |
| Vevring skule og barnehage | Slåtten skule | Flatene skule | Førde ungdomskule | Viksdalen skule | Sande skule |
| Bygstad skule | Skei skule | Vassenden skule | Naustdal skule | PPT | Vaksenopplæring og integrering (VOI) |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 520 | 505 | 540 | 551 |
| Lønn (rev. budsjett) | 366,3 (352,5) | 431,3 (419,8) | 460,3 (452,7) | (435,3) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 35,0 (23,1) | 60,0 (36,1) | 69,4 (46,8) | (51,7) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -41,0 (-27,2) | -55,3 (-30,7) | -57,1 (-32,1) | (-29,2) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **360,2 (348,4)** | **436,0 (425,2)** | **472,6 (467,3)** | **(457,9)** |

| Planlagde tiltak: | Planlagd innsparing | Framdrift innsparing |
|---|---|---|
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. | 13,316 mnok. | |
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen | 6,4 mnok. | 5/12 del haust 2025 |
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen | 6,9 mnok. | 2025 |
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen | 15,3 mnok. | 12/12 del i 2026 |
| Innsparing i økonomiplan 2025-2028 | 61,4 mnok. | 2026-2028 |

# Status skulane – vedtekne tiltak

Sunnfjord kommune står overfor store demografiske, økonomiske og pedagogiske utfordringar som gjer det naudsynt å utvikle ein heilskapleg og framtidsretta skulestruktur. Hausten 2017 hadde Sunnfjord kommune eit «toppår» med 3 112 elevar i grunnskulen. Hausten 2024 var talet redusert til 2 895, og det er forventa fall i elevtalet på 450 elevar innan 2029. Med krav om innsparing og omstilling, er det naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen for å sikre eit berekraftig opplæringstilbod i kommunen.

Kvalitet og kapasitet i Sunnfjord skulen

KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjord skulen

**KST 017/25 Kvalitet og Kapasitet i Sunnfjord skulen**

1. Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:

   a. Vassenden skule vert samla i eitt skulebygg, frå hausten 2026.

   b. Ungdomstrinnet ved Halbrend skule blir slått saman med Førde ungdomsskule, til ein felles ungdomsskule på Hafstad. Det skal lagast ein plan for overgangen til ny felles ungdomsskule, der representantar frå dei to skulane skal vere med i utarbeidinga. Planen skal leggast fram for politisk behandling i god tid før handsaming av årsbudsjett for 2026.

   c. Førde barneskule blir flytta til FUSK-bygget når bygget er klargjort for barneskule

   d. Elevane ved Flatene skule blir flytta til Halbrend skule, som blir ein skule med elevar frå 1.-7. trinn, når bygget er klargjort for barneskule.

   e. Ungdomstrinnet ved Viksdalen skule blir flytta til Sande skule frå skulestart 2029, med forutsetning av at Sande skule er ferdig ombygd. Dersom skulen får ei elevtalsutvikling som gjev grunnlag for ein berekraftig ungdomsskule, skal saka vurderast på nytt.

   f. Kommunestyret ber om å få ei utgreiing av oppveksttun på Viksdalen skule og Sunde skule.

   g. Vaksenopplæring og integrering skal lokaliserast i kommunalt bygg.

**KST 017/25 Kvalitet og Kapasitet i Sunnfjord skule, fortsetter**

2. Det samla ressursnivået i skulen blir redusert med 6,5 millionar kroner i tillegg til reduksjonen på 35 millionar kroner som føl av elevtalsnedgangen.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. For tilsette blir det utarbeid ein bemanningsplan saman med tillitsvalde og verneombod.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av kommunestyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2026-2030 og årsbudsjettet for 2026.

5. Klassedelingstalet på 28 elevar i barneskulen og 30 elevar i ungdomsskulen blir oppheva frå hausten 2025 som følgjer av ny ressursmodell i skulen. Opplæringslova sitt krav om forsvarlege grupper blir lagt til grunn for rektor ved samansetjing av klassar/grupper.

6. Forskrift om krinsgrenser i Sunnfjord kommune blir revidert og sendt ut på høyring hausten 2025.

**Innføring av ny ressursfordelingsmodell**

Den nye modellen er elevbasert i staden for klassebasert. Modellen vart tatt i bruk hausten 2024 og er utvikla i lag med Agenda Kaupang. Den oppfyller lovkrav (t.d. lærarnorm), har eit langsiktig perspektiv, og fungerer som eit verktøy for å styre tenesta. Samtidig skal den ivareta skulane sine individuelle behov (spesialundervisning, elevar med særskilde behov etc.). Det er vesentleg at denne modellen vil justere seg etter elevtalet, noko som gjer til at vi får redusert drifta etter kvart som elevtalet går ned, noko som løyser delar av omstilling og innsparingskravet

# Status eining: Skule og SFO (felleskostnader)

**Hovudoppgåver:**

Kommunalsjef skule har ansvaret for oppgåver som er felles for skulane. Dette er felles lisensar, arrangement, kurs og opplæring som gjeld heile sektoren. Skuleskyss ligg også på dette området. Dette er skyss til og frå skule, midtskyss og skyss til bading.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Skuleskyss har vore underbudsjettert i fleire år, og det kjem fleire og fleire vedtak som gjeld farleg skuleveg.

| Skule | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Førde barneskule | Halbrend skule | Karstad skule og barnehage | Sunde skule | Holsen skule og barnehage | Frøysland skule og barnehage |
| Vevring skule og barnehage | Slåtten skule | Flatene skule | Førde ungdomskule | Viksdalen skule | Sande skule |
| Bygstad skule | Skei skule | Vassenden skule | Naustdal skule | PPT | Vaksenopplæring og integrering (VOI) |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | 0,0 (-4,6) | 0,0 (-3,7) | (-6,7) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | 23,8 (11,7) | 22,8 (13,5) | (15,8) |
| Inntekter (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | -7,6 (0,9) | -8,1 (1,0) | (-2,4) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **0,0 (0,0)** | **16,2 (8,0)** | **14,7 (10,8)** | **(6,7)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. | Ressursmodell og innsparing utover ressursmodell | 10,9 | 10,9 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Skule og SFO (felleskostnader)

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Opplæring i samsvar med læreplanane | Skuleavslutning og arrangement, skulegudstenester |
| Fag- og timefordeling | Skulefrukt og matordningar |
| Tillpassa opplæring, individuell tilpassa opplæring, særskilt språkopplæring | Leksehjelp utover det lovpålagte |
| Elevvurdering og dokumentasjon | Skulebibliotek med utvida opningstid |
| Samarbeid med heimen | Skuleprofil |
| Skulemiljø og elevmedverknad | Ekstra valfag eller fordjupningstilbod |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Grunnskulen har svært mange lovfesta oppgåver nedfelt i opplæringslova og forskrifter til opplæringslova. Det er skuleeigar som skal sjå til at desse blir følgt. Gjennom statlege føringar ligg det mange oppgåver til skuleeigar styrt av Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren. Skuleeigar skal syte for at overordna del av læreplanverket og læreplanane blir følgt, bygge kompetanse gjennom statlege ordninga, samarbeide med UH systemet, følgje opp skulemiljøsaker, og klagesaker, legge til rette og vere pådrivar for kvalitetsutvikling og utviklingsarbeid. Det er skuleeigar som skal implementere nye satsingsområde frå styresmaktene. Det er difor mange oppgåver som er i spennet mellom lov og forskrift og føringar frå statleg hald.

**Analyse:**

Sektoren samla hadde eit meirforbruk på 5,3 mill. kroner i 2024, der skuleskyss utgjer 3,5 mill. kroner. Sjukefråværet i sektoren var 8,2 %.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og lang sikt | Struktur |
| Kort sikt | Færre ungdomskular |

# Status eining: PPT

**Hovudoppgåver:**
PPT er kommunen sin rådgivande og sakkunnige instans i spørsmål om barn, unge og vaksne med behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og individuelt tilrettelagd opplæring i skule. Eininga støttar og samarbeider tett med barnehagar og skular i det førebyggande arbeidet, med fokus på inkludering.

PPT yter kompetanse- og organisasjonsutvikling i barnehagar og skular, for å gi eit inkluderande tilbod til barn og elevar som har behov for tilrettelegging. PPT kartlegg behova til barn og elevar, og der lova krev det, utarbeider eininga sakkunnig vurdering. PPT i Sunnfjord kommune yter tenester til aldersgruppa 0-16 år.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga er innan for innsparingskravet til sektoren, og har i 2025 fått eit krav på 0,8 mill. kroner. Eininga styrer mot å klare innsparingskravet i 2025 grunna vakansar og sjukefråvær.

PPT har arbeidd særs godt med å omstille tenesta for å arbeidde meir systemisk inn mot skular og barnehagar. PPT rådgjevarar deltek i skulane og barnehagane sine ressursteam. Omstillinga er ein viktig faktor for at ein har lukkast å redusere behovet for individuelt tilpassa opplæring.

PPT manglar kapasitet til å utgreie vaksne som har behov for grunnskuleopplæring, t.d. flyktningar og andre vaksne som har særskilte behov for støtte.

Det er utfordrande å rekruttere fagstillingar til PPT som til dømes logoped og spesialpedagogar. Ei ledig logoped stillinga har stått vakant over lengre tid.

Vi er i stadig utvikling og arbeider kontinuerleg for å yte best mogelege tenester for brukarane våre innanfor ressursane vi har. Vi har siste åra arbeidd i kontoret med mål om mest mogleg effektiv drift, dette ser vi gode resultat av. Vi arbeider målretta med å jobbe meir inn mot kompetanse – og organisasjonsutvikling for barna med spesialpedagogiske behov ute i einingane, samstundes som vi skal utføre sakkunnig arbeid.

| Skule | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Førde barneskule | Halbrend skule | Karstad skule og barnehage | Sunde skule | Holsen skule og barnehage | Frøysland skule og barnehage |
| Vevring skule og barnehage | Slåtten skule | Flatene skule | Førde ungdomskule | Viksdalen skule | Sande skule |
| Bygstad skule | Skei skule | Vassenden skule | Naustdal skule | PPT | Vaksenopplæring og integrering (VOI) |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 14,4 | 17,4 | 19,8 | 17,6 |
| Lønn (rev. budsjett) | 10,5 (13,5) | 16,1 (18,1) | 17,8 (18,4) | (18,6) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 2,0 (1,8) | 2,8 (1,9) | 2,2 (2,0) | (2,0) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -0,2 (-0,1) | -0,4 (-0,1) | -0,4 (-0,1) | (-0,1) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **12,3 (15,1)** | **18,5 (19,9)** | **19,6 (20,3)** | **(20,6)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. | Ta ned bemanninga i eininga. | 0,8 | 0,8 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: PPT

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Sakkyndige vurderingar | Foreldrerettleiing |
| Rettleiing og støtte til barnehagar og skular | |
| Bidra til tidleg innsats og førebygging | |
| Kompetanse - organisasjonsutvikling | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Barnehage og grunnskule har svært mange lovfesta oppgåver nedfelt i barnehage - og opplæringslova med forskrifter. Det er kommunen som skal sjå til at desse blir følgt. Gjennom statlege føringar ligg det mange oppgåver til skuleeigar styrt av Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren. Skuleeigar skal syte for at overordna del av læreplanverket og læreplanane blir følgt, bygge kompetanse gjennom statlege ordninga, samarbeide med UH systemet, følgje opp skulemiljøsaker, og klagesaker, legge til rette og vere pådrivar for kvalitetsutvikling og utviklingsarbeid. Det er skuleeigar som skal implementere nye satsingsområde frå styresmaktene. Det er difor mange oppgåver som er i spennet mellom lov og forskrift og føringar frå statleg hald.

**Analyse:**

Eininga drive i dag i balanse grunna vakansar og sjukefråvær. Avvik frå statsforvaltaren vart lukka seinhaustes 2024 sidan kommunen hadde lagt inn to nye stillingar til PPT i økonomiplanen i 2025. Grunna den økonomiske situasjonen til kommunen vart desse stllingane fjerna. I tillegg til dette har ein måtte spare inn 800 000 kr. Det går hardt utover tenestetilbodet når vi ligg ca. 3 stillingar under det Statsforvaltaren meinte vi måtte ha for å stette krava for forsvarleg drift og tilsynet vart lukka.

Strukturendringa i skule og barnehage vil på sikt redusere behovet for reise i eininga. PPT brukar ikkje same systemløysinga som skule og barnehage, i tillegg til at de har relativt høge lisenskostnadar. Eininga har hatt store utgifter knytt til utlysing av vakant stilling og annonsering. PPT hadde eit mindreforbruk på 0,6 mill. kroner i 2024 grunna vakanse. Sjukefråværet i sektoren er på 7,9 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Vurdere systemløysingar og moglegheit for digitalisering av prosessar og arbeidsoppgåve (For eksempel journalføring). |
| Kort | Undersøke felles innkjøpsavtalar samt samordning av felles bilpark |
| Lang | Undersøke moglegheit for å selje tenester til andre kommunar, i lys av demografiutvikling |

# Status eining: Vaksenopplæring og integrering (VOI)

**Hovudoppgåver:**

Eininga vaksenopplæring og integrering er regulert gjennom integreringslova og opplæringslova og forvaltningslova.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga Vaksenopplæring og Integrering er regulert gjennom integreringslova, opplæringslova og forvaltningslova.

Eining er organisert med einingsleiar og 2 assisterande einingsleiarar og 3 avdelingar: Integreringsavdeling, avdeling for opplæring norsk og samfunnskunnskap, avdeling for førebuande opplæring for vaksne (FOV). I tillegg kjem busetting av flyktningar.

Det er ulikt korleis kommunane i Norge vel å organisere både opplæringsbiten og integreringsbiten. Sunnfjord kommune har valt å ha begge under same einingsleiar med for tida to assisterande leiarar. Andre kommunar har ofte integreringsavdelinga / flyktningtenesta under NAV og demed ein annan leiarstruktur. Difor er det ikkje gitt at KOSTRA-gruppa er samanliknbar frå kommune til kommune.

| Skule | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Førde barneskule | Halbrend skule | Karstad skule og barnehage | Sunde skule | Holsen skule og barnehage | Frøysland skule og barnehage |
| Vevring skule og barnehage | Slåtten skule | Flatene skule | Førde ungdomskule | Viksdalen skule | Sande skule |
| Bygstad skule | Skei skule | Vassenden skule | Naustdal skule | PPT | **Vaksenopplæring og integrering (VOI)** |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 15,4 | 21,6 | 27,8 | 32,7 |
| Lønn (rev. budsjett) | 18,9 (16,9) | 42,3 (39,2) | 51,3 (52,8) | (40,1) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 6,6 (3,9) | 8,4 (4,8) | 17,0 (12,6) | (15,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -7,2 (-4,0) | -10,6 (-8,0) | -11,5 (-9,1) | (-8,1) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **18,2 (16,8)** | **40,1 (36,1)** | **56,8 (56,3)** | **(47,4)** |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| KST 017/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. | Reduksjon i bemanning | 1,6 | 1,6 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Vaksenopplæring og integrering (VOI)

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Introduksjonsprogram | Undervisning til pensjonistar |
| Busette flyktningar og oppfølging av flyktningane i eit 5-års perspektiv | |
| Kartlegging, realkompetansevurdering | |
| Flyktningar med kollektivt vern | |
| Busetting og opplæring av einslege mindreårige | |
| Opplæring i norsk og samfunnskunnskap | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Det må vere dei faktiske og lovpålagte oppgåvene som eininga har til ei kvar tid som må danne grunnlag for budsjettramma.

**Analyse:**

Sunnfjord brukar meir per innbyggar på vaksenopplæring og integrering enn KOSTRA-gruppa. I relativt til størrelsen er mange leiarroller i eininga. Kostnadane har auka mykje sidan 2022 på grunn av auke i talet på flyktningar.

Sektoren hadde eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i sektoren er på 6,8 % i 2024.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Bør vurdere om ein lignende struktur som Innvandrarsenteret i Kinn kan gi betre styring med økonomi. Avklare fordeling av inntekter og utgifter i grensesnitt VOI, BEF, NAV og sosial hjelp. |
| Kort | Vurdere ikkje lovpålagte tenester |
| Kort | Vurdere behovet for leiarroller |

# Status sektor: Barnehage

**Hovudoppgåver:**

I barnehagen skal barna få leike og utfolde skaparglede, undring og utforskartrong. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng, og samla bidra til barnet si allsidige utvikling.

Spes.ped/styrking - Sunnfjord kommune pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov, etter § 31 og § 37 i barnehagelova

Utrekning og gjere vedtak om tilskot til private barnehagar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sektoren har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 12,1 millionar kroner, og melder per mars eit håp om nå heile innsparingskravet.

Barnehagesektoren i Sunnfjord kommune består av 16 kommunale og 8 ikkje kommunale barnehagar. I tillegg til styrking til barn som har rett til spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging av barnehagetilbodet både i privat og kommunal sektor.

Innføring av ny ressursmodell vil skje frå august barnehageåret 2025/2026.

Sektoren kjenner til dei barna som går i barnehagen i dag og som har rett til spesialpedagogisk hjelp. Samstundes ser vi ein auke i sakkunnige uttaler. I tillegg kan det kome til nye barn med særskilde behov gjennom året.

Kompetanseteamet i Sunnfjord kommune er eit lågterskeltilbod til barn i barnehagesektoren. Målet er at teamet skal kome tidleg inn med tiltak for at barn ikkje skal trenge spesialpedagogisk hjelp. I dag er teamet bemanna med 4 årsverk, tre spesialpedagogar og ein migrasjonspedagog.

| Barnehage | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Slåttebakkane barnehage | Halbrend barnehage | Vie barnehage | Solsida barnehage | Vieåsen barnehage | Tusenfryd barnehage |
| Hatlehaugen barnehage | Ytre Hafstad barnehage | Nærleiken barnehage | Sunde barnehage | Viksdalen barnehage | Bygstad barnehage |
| Skei barnehage | Langhaugane barnehage | Lunden barnehage | Karstad barnehage | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 258 | 257 | 253 | 245 |
| Lønn (rev. budsjett) | 169,7 (165,4) | 192,2 (191,9) | 184,5 (188,9) | (168,4) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 8,6 (7,3) | 99,1 (97,6) | 114,3 (98,5) | (123,8) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -31,5 (-30,3) | -35,5 (-27,9) | -31,4 (-19,6) | (-17,4) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **146,8 (142,4)** | **255,8 (261,7)** | **267,3 (267,8)** | **(274,8)** |

| Planlagde tiltak: | Planlagd innsparing | Framdrift innsparing |
|---|---|---|
| KST 018/25 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen-tiltak | | |
| Innsparing 2025-2028 | 12,1 | 2025 |
| Innsparing 2025-2028 | 22 | 2026 |
| Innsparing 2025-2028 | 41 | 2027 |
| Innsparing 2025-2028 | 58,7 | 2028 |

# Barnehagestruktur vedtak i KST 018/25

Kommunestyret ber om at administrasjonen vurderer barnehagesituasjonen, som til dømes på Vassenden og i Naustdal, der det driftast fleire barnehagar med betydeleg ledig kapasitet.

**2025**

**Ressursmodell**

- Innføre ressursmodell som er utarbeida i samarbeid med Agenda Kaupang frå barnehageåret 2025/2026
- Kommunedirektøren får mynde til å justere prinsippa i modellen for å ha ei berekraftig drift i barnehagesektoren innanfor regelverket
- I barnehageopptaket skal vi sikre at avdelingar blir fulle
    - Dette vil føre til at fleire avdelingar blir lagt ned som ein konsekvens av barnehageopptaket

**Kontinuerleg barnehageopptak**

- Avvikle kontinuerleg barnehageopptak frå barnehageåret 2025/2026

**Tusenfryd barnehage**

- Legge ned 1 avdeling i Tusenfryd barnehage frå hausten 2025
- Stoppe inntaket av nye barn i Tusenfryd barnehage frå nytt barnehageår 2025/2026
- Unntak er barn som er søsken til barn som allereie går i Tusenfryd barnehage

**Holsen barnehage**

- Legge ned ei avdeling i Holsen barnehage frå hausten 2025

**Solsida barnehage avdeling Haugum**

- Stoppe inntaket i Solsida barnehage frå nytt barnehageår 2025/2026
- Unntak er barn som er søsken til barn som allereie går i barnehagen

**2026**

**Tusenfryd barnehage**

- Tusenfryd barnehage blir lagt ned frå hausten 2026
- Sal av tomt - nytte til anna føremål, til dømes bustadføremål
- Sal av tomt skal nyttast til investeringsbehov i barnehagesektoren

**Solsida barnehage avdeling Haugum**

- Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned frå hausten 2026
- Sal av tomt - nytte til anna føremål, til dømes bustadføremål
- Sal av tomt skal nyttast til investeringsbehov i barnehagesektoren

Føresette til barn i barnehagar som vert lagt ned, må få særleg oppfølging

**2027**

Vurdere ny barnehage på Slåtten, lagt fram som politisk sak. Saka må inkludere ein tilstandsrapport på følgande barnehagar:

- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage

Kommunestyret ber om å få ei sak, i god tid før revidering av budsjettet juni 2026, om framtidig endring av barnehagane i Flatene/Halbrend-området. Utgreiinga må innehalde:

- Investeringsbehov og vurdering av trafikale tilhøve ved etablering av barnehage i lokala til Flatene skule
- Pedagogisk fagleg vurdering
- Estimert pris ved eventuelt sal av tomta til Flatene skule
- Investeringsbehov ved utviding av Halbrend barnehage

# Status eining: Kommunalsjef barnehage

**Hovudoppgåver:**

Barnehagen sitt samfunnsmandat er fastsett i barnehagelova. Barnehagen er eit pedagogisk tilbod, som i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barna sine behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.
Barnehagane har fokus på å yte gode tenester til det beste for barn og foreldra. Barn og foreldre skal oppleve at dei får eit pedagogisk tilbod, forankra i god fagleg kompetanse.

Spes.ped/styrking - Sunnfjord kommune pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov, etter § 31 og § 37 i barnehagelova.

Utrekning og gjere vedtak om tilskot til private barnehagar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga kommunalsjef har midlar til opplæring og felles lisensar for barnehage sektoren.

Den store posten er tilskot til private barnehagar og refusjon for søskenmoderasjon, redusert foreldrebetaling og midlar til spesialpedagogikk.

Dersom alle budsjettmidlar til styrking ikkje er fordelt vil dei ligg igjen til fordeling av nye tiltak gjennom året.

| Barnehage | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Slåttebakkane barnehage | Halbrend barnehage | Vie barnehage | Solsida barnehage | Vieåsen barnehage | Tusenfryd barnehage |
| Hatlehaugen barnehage | Ytre Hafstad barnehage | Nærleiken barnehage | Sunde barnehage | Viksdalen barnehage | Bygstad barnehage |
| Skei barnehage | Langhaugane barnehage | Lunden barnehage | Karstad barnehage | Eining | Eining |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | 0,0 (1,4) | 0,0 (0,2) | (-9,7) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | 90,5 (90,2) | 105,8 (90,9) | (116,2) |
| Inntekter (rev. budsjett) | 0,0 (0,0) | -4,4 (2,0) | -3,6 (5,2) | (-0,1) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **0,0 (0,0)** | **86,2 (93,6)** | **102,1 (96,3)** | **(106,5)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 97,9 % | Andel barn 1-5 år i barnehage , i forhold til innbyggere 1-5 år |
| 326 434 | Tilskot til private barnehagar sats 0-2 år |
| 172 098 | Tilskot til private barnehagar sats 3-6 år |

# Analyse og tiltak eining: Barnehage

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Pedagog norm og bemanningsnorm, rammeplan | Ikkje plikt å ha kommunale barnehagar |
| Pedagogisk verksemd | Spesielle temaveker eller prosjekt |
| Barns rett til medverknad | Foreldrekveld og arrangement |
| Samarbeid med heimen | Digitale verktøy og teknologi |
| Overgang til skulen | Samarbeid med lokale aktørar |
| Tilsyn og godkjenning, helse og miljø | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

I barnehage er det ei rekke oppgåver som ikkje er lovpålagt, men som er viktige for barna sin trivsel og læring.

Dette kan vere oppgåver som ikkje er nemnt i barnehagelova eller i rammeplan for barnehage, men som bidreg til eit positivt barnehagemiljø.
Særleg vil tidleg innsats og oppfølging av einskildbarn og barnegruppene, vere positivt med tanke på å legge til rette for utvikling og læring.
Å jobbe med tidleg innsats vil kunne vere med på å forebygge eventuelle behov for tilrettelegging.

**Analyse:**

Sektoren hadde eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner i 2024. Sjukefråværet i sektoren er på 9,3 % i 2024. Høg barnehagedekning, og tal fødde er høgare enn SSB sine framskrivingar. Tilskotet til private barnehagar er høgt, og det er god butikk for private barnehagar i Sunnfjord kommune.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Feriestengde barnehagar |
| Lang | Struktur |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ressursmodell | Innføring av ny ressursmodell haust 2025 | 6,0 | 0,8 | 2025 |
| Kontinuerlig barnehageopptak | Stoppe å ta inn barn gjennom heile året | 4,1 | 0,0 | 2025 |
| Tusenfryd barnehage | Kun ta inn søsken og legge ned ei avdeling | 1,6 | 1,7 | 2025 |
| Holsen barnehage | Ta ned ei avdeling | 0,3 | 0,4 | 2025 |
| Solsida barnehage, avd. Haugum | Kun ta inn søsken | 0,0 | 1,2 | 2025 |
| | | | | |

# Status sektor: Helse og sosial

**Hovudoppgåver:**

Helse- og sosialsektoren bidreg med viktige støttetenester inn til dei andre sektorane. Sektoren har fokus på tidleg innsats, treffe med rett tiltak og sette i verk ulike former for førebyggjande arbeid som skal bidra til redusert behov for tenester i framtida. Sektoren har ein sentral rolle i det tverrfaglege samarbeidet rundt brukarar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sektoren har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 3,8 mill. kroner og eit utfordringsbilete frå 2024 på 11,0 mill. kroner. Per mars melder sektoren om eit meirforbruk på 6,2 mill. kroner. Einingane Bu- og avlastning og Butiltak psykisk helse vart flytta frå sektor omsorg til sektor Helse og sosial frå 01. januar 2024.

Hovudutfordringane i 2025 er rekruttering, vikarlegeordning og inntening hos fastlegar, sosialhjelpsutbetalingar til flyktningar, manglande finansiering av SYSIKL-samarbeidet og ei dramatisk auke i talet på barn og unge med avlastingsbehov.

Ein har hatt praksis for å sjå økonomien i den enkelte eininga opp mot den samla økonomien i sektoren. Meirforbruk enkelte år har blitt balansert mot mindreforbruk i andre einingar og omvendt, slik at sektoren samla sett har balansert i perioden 2020-2023. Denne økonomistyringa har fungert godt, men blir kraftig utfordra i 2024 og 2025.

Barnevernstenesta har ein stor budsjettpost knytt til kjøp frå staten/BUFETAT. Tilsvarande har NAV store budsjettpostar til diverse sosialhjelpsutbetalingar. Dette er postar som kan variere mykje frå år til år, avhengig av institusjonsplasserte barn, mottak av flyktningar og generelle konjunkturar i samfunnet (arbeidsløyse, pandemi, dyrtid m.m.). Dette er eksogent gitte faktorar som er vanskelegare for einingane å kontrollere enn «vanleg» drift, men som enkelte år gir store utslag, både i kommunen sin rekneskap og i ressursfordelinga i budsjettet.

Motsett har dei fleste einingar utfordringar med rekruttering. Mange har vakante stillingar over tid og fråvær som ikkje vert erstatta med vikarar. Dette gir mindreforbruk, men også utfordringar i forhold til sjukefråvær og kvalitet og kontinuitet i tenestene. Dette har vore særleg utfordrande i fysio- og ergoterapitenesta og helsestasjonen dei siste åra, men i seinare tid også i barnevernet og legetenesta.

**Helse og sosial**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 241 | 238 | 236 | 260 |
| Lønn (rev. budsjett) | 163,8 (169,5) | 191,9 (194,7) | 246,5 (251,7) | (254,2) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 115,1 (98,4) | 139,7 (121,8) | 173,2 (155,3) | (154,2) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -41,7 (-33,9) | -51,7 (-36,8) | -69,6 (-69,9) | (-75,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **237,2 (234,0)** | **279,9 (279,8)** | **350,1 (337,0)** | **(332,9)** |

| Planlagde tiltak: | Planlagd innsparing | Framdrift innsparing |
|---|---|---|
| Reduserte løns- og driftsutgifter (mange tiltak) | 1,75 | 1,65 |
| Samarbeid mellom Butiltak psykisk helse og Psykisk helse og rus | 0,4 | 0 |
| Legevakt, KAD og tenestestandardar | 1,0 | 0 |

# Status eining: Fysio- og ergoterapitenesta

**Hovudoppgåver:**

Fysio- og ergoterapitenesta skal fremje helse, førebyggje funksjonssvikt og bidra til at innbyggjarane kan meistre kvardagen sin best mogleg. Tenestene rettar seg mot menneske i alle aldrar, og omfattar både behandling, rehabilitering og tilrettelegging i heim, skule, barnehage og andre arenaer.

Fysioterapeutar arbeider særleg med å betre rørsle, styrke og funksjon gjennom trening og behandling, medan ergoterapeutar har fokus på å gjere kvardagsaktivitetar mogleg, til dømes gjennom hjelpemiddel, tilrettelegging og trening på daglege gjeremål. Begge faggruppene samarbeider tett med andre kommunale tenester for å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Fysio/ergoterapitenesta fordelt på fire arbeidsstader; Førde, Naustdal, Sande og Skei. Desentraliserte lokasjonar er fordelaktig mtp nærheit til brukarar og innbyggjarar, men gjer også at det vert meir logistikk kring pasientoppfølging og fleire overgangar som krev god samhandling.

Tenesta har 20,4 årsverk (i budsjettet), fordelt på 24 tilsette: 13,5 årsverk fysioterapi, 3,6 årsverk ergoterapi, 2,4 årsverk serviceteknikar med ansvar for tekniske hjelpemiddel og 1,5 årsverk med leiing. Sunnfjord kommune har også sju 100 % driftsavtalar med privatpraktiserande fysioterapeutar. Desse er ein viktig del av det kommunale helsetilbodet.

Ei sentral utfordring er å kunne gje godt og harmonisert rehabiliteringstilbod. Eininga er sentral i rehabiliteringstilbodet på Skei omsorgssenter. Her er dekninga lågare enn ønskjeleg.

Vekst i tal eldre i kombinasjon med redusert liggetid i spesialisthelsetenesta gir auka behov. Tal hjelpemiddelbrukarar gir eit bilete på det høge presset i tenesta. Når det gjeld barn og unge ser vi endringar, der det vert fødd færre med store fysiske funksjonsvanskar, men der fleire har utfordringar med psykisk helse, kroppslege spenningar og smerte.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Fysio- og ergoterapitenesta** | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 21,4 | 23,3 | 20,4 | 21,8 |
| Lønn (rev. budsjett) | 14,7 (14,4) | 17,1 (17,0) | 15,4 (17,0) | (16,5) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 5,1 (4,8) | 5,5 (5,0) | 5,7 (5,5) | (6,1) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -4,9 (-4,5) | -5,2 (-4,8) | -4,9 (-5,1) | (-5,2) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **14,9 (14,7)** | **17,4 (17,3)** | **16,2 (17,4)** | **(17,4)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 9,7 (9,7) | Årsverk fysioterapeuter pr 10 000 innbyggjarar (landsgj.snitt) |
| 1,1 (1,3) | Årsverk ergoterapeut per 10 000 innbyggjarar (landsgj.snitt) |
| 2 326 | Tal hjelpemiddelbrukar i kommunen |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Redusere løns-og driftsutgifter | Rekrutering med lågare erfaring m.m. | 0,1 | 0,1 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Fysio- og ergoterapi

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Helsetenester i heimen – Fysio- /ergoterapi (hjelp til meistring av daglege aktivitetar. Tilrettelegging for funksjon i kvardagen m.m.) | Lågterskeltilbod og frisklivssentral: Kan bidra i grupper som trenging for elldre, fallforebygging eller lissstilsendring. |
| Behandling og rehabilitering ved sjukdom/skade | Skulehelseteneste og barnehage |
| Forebyggande helsearbeid | Råd og rettleiing til frivillige og pårørande |
| Koordinerte tenester og individuell plan | Teknisk hjelpemiddelformidling utanom NAV |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Sunnfjord Kommune har samanliknbare tal årsverk på fysioterapeut, og noko lågare for ergoterapeut. Har driftsavtalar med 7 private fysioterapeutar, og har kommunale tilsette på fire steder. Har hatt ein nedgang i kostnadane frå 23 til 24. Det er lite ressursar ved rehabiliteringseininga på Skei.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Vurdere strukturen i tenestene i samband med strukturen i tenestene i pleie og omsorg. |

# Status eining: NAV

**Hovudoppgåver:**

NAV har som hovudoppgåve å bidra til sosial og økonomisk tryggleik og fremme overgang til arbeid og aktivitet. Dei samarbeider med stat og kommune for å tilby offentlege arbeids- og velferdstenester gjennom éi dør inn til systemet.

NAV administrerer ordningar som arbeidsretta tiltak, dagpengar, sjukepengar, pensjon, foreldrepengar, barnetrygd og kontantstøtte. Dei tilbyr også tenester for både privatpersonar og arbeidsgivarar, inkludert rekrutteringstenester, opplæringstiltak og tilrettelegging på arbeidsplassen.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

NAV Sunnfjord er regionkontor, med lokasjon på rådhuset i Førde. Frå 2025 er eininga blitt vertskommune for NAV sine tenester i Høyanger, Fjaler og Hyllestad (ingen nettoeffekt i budsjettet).

Eininga har, etter underforbruk i 2022 og 2023, hatt for liten økonomisk ramme til å handtere auka utgifter til flyktningar i 2024. I tillegg har kostnadsnivået i samfunnet gått opp, sosialhjelpssatsar har auka og ein ser større behov hos fleire grupper.

Budsjettramma for sosialhjelp utgjer om lag 25 mill. kroner. Nivået på slike utbetalingar ligg rundt ca. 30 mill. kroner, basert på rekneskapen 2024 og nivået for utbetalingar så langt i 2025. Denne trenden ser ein over heile landet. Dette er hovudutfordringa i NAV i forhold til budsjettet.

Eininga har elles lågt sjukefråvær, god kompetanse hos dei tilsette og god og stabil drift over tid. Det siste kan ein også sjå att i KOSTRA-tala, der NAV Sunnfjord kjem godt ut på nær sagt alle indikatorar over fleire år.

Det forventa utgiftsbehovet for NAV sine tenester, er lågt i Sunnfjord samanlikna med kostragruppa og landet (75,1 % av landssnittet). Det verkar å vere ein kombinasjon av sosioøkonomiske og demografiske forhold i Sunnfjord, som begge verkar å ta ned det samla utgiftsbehovet for sosialtenester.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | **NAV** | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 24,3 | 21,1 | 24,1 | 23,3 |
| Lønn (rev. budsjett) | 18,7 (20,4) | 22,7 (24,1) | 23,8 (25,6) | (23,9) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 22,9 (24,5) | 33,6 (30,5) | 37,2 (28,8) | (26,2) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -3,2 (-2,0) | -3,5 (-2,2) | -3,4 (-2,3) | (-1,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **38,3 (42,9)** | **52,8 (52,4)** | **57,6 (52,1)** | **(48,6)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 4,4 % (5,0 %) | Andel sosialhjelpsmotakarar i forhold til innbyggjarar 18-66 år (landet) |
| 795 kr (1 333 kr) | Nto.dr.utg. per innb.– råd, veiledning og førebyggande arb. (landet) |
| 2 763 kr (3 331 kr) | Nto.dr.utg. til økonomisk sosialhjelp per innb. 20-66 år (landet) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Redusere løns- og driftsutgifter | (ingen) | 0,1 | 0,1 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: NAV

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| **Dagpengar:** Økonomisk støtte til arbeidssøkjarar | Jobb- og karriererettleiing |
| **Sjukepengar:** Komp. ved sjukdom som hindrar arbeid | Mentorordningar |
| **Arbeidsavklaringspengar (AAP):** Støtte til personar som treng hjelp for å komme tilbake i arbeid | Tilrettelegging på arbeidsplassen |
| **Foreldrepengar** og **barnetrygd** | Ekstra rådgjeving og veiledning |
| **Økonomisk sosialhjelp:** Nødvendig støtte til personar utan tilstrekkeleg inntekt | Digitale kurs og opplæring |
| **Hjelpemiddel:** Tilrettelegging for personar med funksjonsnedsetting | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter sosialtenestelova, arbeids- og velferdsforvaltningslova, NAV-loven, helse- og omsorgstenestelova m.fl.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Sunnfjord ligg under landsgjennomsnittet på andel sosialhjelpsmottakarar og netto driftskostnadar per innbyggar. Budsjettoverskriding i 2024 kom av auke i flyktningar og høgare sosialhjelp.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Etablere gode samarbeidsløysingar og avklare fordeling av inntekter og utgifter i grensesnitt Vaksenopplæring, Bygg og eigedom og NAV. |

# Status eining: Legetenesta

**Hovudoppgåver:**

Legetenesta i kommunen har fleire viktige oppgåver knytt til helse og omsorg. Dei inkluderer:
**Fastlegetenesta**: Sikrar at innbyggjarane har tilgang til ein fastlege som kan følgje opp helsa deira over tid.
**Legevakt**: Tilbyr akuttmedisinsk hjelp utanfor vanlege opningstider (SYSIKL-samarbeidet)
**Helsestasjon og skulehelseteneste**: Ivaretek helsa til barn og unge gjennom vaksinasjon, helseundersøkingar og rådgiving.
**Sjukeheimslege**: Sikrar medisinsk oppfølging av bebuarar på omsorgssentera
**Samfunnsmedisinsk arbeid**: Omfattar smittevern, folkehelsearbeid og beredskap.
Kommunen har ansvar for å tilby gode og forsvarlege helse- og sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Legetenesta er organisert som ei eining på fire lokasjonar; Førde (største legekontor), Naustdal, Sande og Skei. Eininga har om lag 56 tilsette, men kun einingsleiar og ingen assisterande. I staden har kvar lokasjon ein driftsansvarleg og ein medisinfagleg ansvarleg (lege).

BEST-trening, som låg inne som eit prioritert tiltak i økonomiplanen tidlegare, er tatt ut. Ein har lite helsepersonell per lege, og ligg under anbefalt norm. Ein rekrutterar godt til legestillingar, samanlikna med mange andre kommunar. Og ein har vikarlegeordningar som er gode – men som ikkje er budsjettert for. Det gjer at ein løyser vikarbehov utan vikarbyrå, «Nordsjøturnus» eller andre (meir) kostbare løysingar.

Ein har dei siste åra redusert listelengdene for fastlegane. Dette for å ta ned arbeidsbelastninga som har vore høg. I 2024 har ein komme ned til målsettinga på 875 pasientar i snitt per lege. Ulempen med redusert listelengde er at ein treng fleire legeårsverk, som igjen utløyser fleire helsepersonellressursar. Nivået på listelengder kan vurderast.

Utgiftene for SYSIKL-samarbeidet låg i budsjettet til Legetenesta tidlegare, men vart overført til kommunalsjefen sitt budsjettområde frå 2024. Det utgjorde 22,1 mill. kroner i budsjettet.

Fleire legar på fastløns- og hybridavtalar no enn tidlegare gjer at (lege)årverk ser ut til å auke frå 2024-25, utan at det reelt sett gjer det.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | **Legetenesta** | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 35,4 | 35,3 | 32 | 41,7 |
| Lønn (rev. budsjett) | 31,5 (29,0) | 37,1 (36,4) | 41,5 (38,8) | (47,5) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 40,0 (34,3) | 42,7 (37,2) | 22,0 (18,9) | (16,7) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -17,8 (-12,8) | -19,2 (-15,2) | -18,8 (-18,9) | (-25,2) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **53,7 (50,5)** | **60,6 (58,4)** | **44,6 (38,8)** | **(39,0)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 13,1 (10,8) | Årsverk lege pr 10 000 innbyggjar, f.241 (landet) |
| 902,0 | Gjennomsnittleg listelengde (korrigert for kommunale timar) |
| 3 489 kr (3 352 kr) | Netto driftutg. til diagnose, behandling og rehab. per innb. (landet) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Redusere løns- og driftsutgifter | Redusert 21 % stilling til helsestasjonslege (ingen) | 0,3 | 0,3 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Legetenesta

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Fastlegeordninga | Helseopplysning og forebyggande arbeid |
| Legevakt | Deltakelse i tverrfagleg team |
| Helsetenester i heimen | Undervisning og veiledning (utover lovpålagd) |
| Medisinsk nødmeldeteneste | Prosjekt- og utviklingsarbeid |
| Smittevern og beredskap | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, smittevern-/helseberedskapslova, samhandlingsreforma og tilhøyrande lovverk.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Sunnfjord Kommune bruker meir ressursar på legetenesta enn samanliknbare kommunar. Det positive er at kommunen har god legedekning, og forholdsvis låge kostnadar på innleige av legar. Legane har ulike lønnsordningar, og det blir brukt mykje ressursar på kommunale oppgåver. I tillegg er listelengda kortare enn gjennomsnittet.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Vurdere omfang av kommunale oppgåver |
| Kort | Justere avtaler med leger etter ein analyse av nettokostnad for kommunen med ulike avtaletypar |
| Lang | Vurdere om man kan etablere privat legepraksis i lokala til SYS IKL ved neste ledige fastlege heimel |

# Status eining: Helsestasjonen

**Hovudoppgåver:**

Helsestasjonen skal drive førebyggande og helsefremjande arbeid, inkludert helseundersøkingar, vaksinasjon, rådgjeving og oppfølging av barn med spesielle behov. Målgruppa er gravide, barn og unge og deira familiar.

Helsestasjon inkluderer Svangerskapsomsorg, Helsestasjon 0 - 5 år, skulehelseteneste i grunnskulen og vidaregåande skular, Helsestasjon for ungdom og studenthelseteneste.

Barn, Unge og familiestøtte (BUFA) vart etablert hausten 2024, som ei avdeling underlagt helsestasjonen. Tilbodet skal styrke arbeidet rundt barn og unge, og er både eit førebyggande og behandlande psykisk helsetilbod.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Helsestasjonen er lokalisert i rådhuset i Førde (primærstasjon), i Naustdal, Vassenden, Skei og Sande. Skulehelsetenesta er fordelt ut på skulane i Sunnfjord, også ved Øyrane vgs. BUFA er etablert i Førde sentrum.

Eininga har hatt betydeleg mindreforbruk dei seinare åra, som kjem av fråvær og mangel på vikarinndekking. Tenesta har ikkje klart å rekruttere nok helsesjukepleiarar. Rekrutteringssituasjonen knytt til helsesjukepleiarressursane betra seg på slutten av 2024 då ein gjennomførte eit lønsløft for den gruppa, for å tilby konkurransedyktig løn med spesialsjukepleiarar i Helse Førde. Dette vil forhåpentlegvis betre rekrutteringsutfordringane, men på same tid redusere mindreforbruk i eininga.

Helsestasjonen er inntektsført med 2,1 mill. i styrkingsmidlar i frå Helsedirektoratet. Dette er tilskotsmidlar som direktoratet i 2023 varsla ville falle bort for Sunnfjord kommune. Til tross for varselet fekk Helsestasjonen tilsagn på 2,1 mill. i 2024 og i 2025.

Etablering av BUFA (hausten 2024) er finansiert med tilskotsmidlar og vil, etter kvart som tilskotet går ned (over 3 år), få overført midlar frå Barnevernstenesta. Dette er i tråd med barnevernsreforma og forebyggande plan for barn og unge «Saman om ein god oppvekst».

**Helse og sosial**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | **Helsestasjonen** | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 29,0 | 28,5 | 26,6 | 38,45 |
| Lønn (rev. budsjett) | 21,1 (24,0) | 23,9 (26,7) | 31,7 (36,2) | (35,8) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,7 (1,5) | 4,0 (1,6) | 3,9 (2,7) | (2,8) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -3,1 (-4,7) | -4,2 (-2,8) | -5,4 (-6,3) | (-6,2) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **19,7 (20,8)** | **23,7 (25,5)** | **30,2 (32,6)** | **(32,5)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 300 – 1 (393 - 1 ) : elevar per helsespl. | Hdir. si tilråding bemanning på barne- og mellomtrinnet (Sunnfjord) |
| 500 – 1 (384 - 1 ) : elevar per helsespl. | Hdir. si tilråding bemanning på ungdomstrinnet (Sunnfjord) |
| 800 – 1 (289 - 1) : elevar per helsespl. | Hdir. si tilråding bemanning på VGS. (Sunnfjord) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Redusere løns- og driftsutgifter | Redusert 0,5 årsverk stilling (ingen) | 0,5 | 0,5 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Helsestasjonen

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Helsestasjon | BUFA |
| Skulehelsetenesta | Helsestasjon for ungdom |
| Vaksinasjon (barnevaksinasjonsprogrammet) | Tilbod til spesifikke grupper (LHBTQ+, ungdom, gutar) |
| Samarbeid med psykolog/kommunen si øvrige psykiske helsetenester. | Foreldreveiledning |
| Samarbeid med barnehage, skule og andre instansar. | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova m.fl.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Tenesta har innsparing i forhold til budsjett grunna utfordring med rekruttering av helsesjukepleiarar. Har ein høgare andel hspl for ungdomstrinnet og VGS enn Helsedirektoratet si tilråding – bra. Har ein lågare andel hspl for barne- og mellomtrinnet enn Hdir si tilråding. Dette er politisk prioritert i Sunnfjord kommune. Framtidige styrkingar kan vurderast innan barne- og mellomtrinnet.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort- og Lang | Strukturen på skulehelsetenesta blir påverka av endringar i skulestruktur. |

# Status eining: Barnevernstenesta

**Hovudoppgåver:**

Barnevernstenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan vere skadelige for helsa eller utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dette inneber å ta imot og vurdere meldingar om bekymring, gjennomføre undersøkingar, og setje i verk hjelpetiltak som kan støtte barnet og familien. Ved alvorlege tilfelle kan barnevernstenesta også fatte akuttvedtak eller førebu saker for barneverns- og helsenemnda, til dømes ved omsorgsovertaking.

I tillegg har barnevernstenesta ansvar for å følgje opp barn og familiar etter at tiltak er sett i verk, og for å samarbeide tett med andre tenester som skule, barnehage og helsetenester. Dei skal også gi råd og rettleiing for å førebyggje meir alvorlege problem. Målet er å gi barn og unge ein trygg og god oppvekst, og å støtte familiar slik at dei kan meistre utfordringar på ein best mogleg måte

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Barnevern er lokalisert på rådhuset i Førde. Barnevernet var lenge prega av kapasitets- og arbeidsutfordringar og høge kostnader. Eininga kjøpte mykje, både konsulentbistand og tiltak frå private. Med barnevernreforma (2022) fekk kommunen plikt til å vedta ein plan for førebyggjande arbeid, og det vart stilt strengare krav til kompetanse i barnevernstenesta. Dette har ein jobba godt med, noko som har gitt gode resultat i 2023 og 2024, med positiv effekt både for arbeidsmiljø, kvalitet og økonomi. Ein har desse åra tatt ned budsjettet til kjøp av tiltak og konsulentbistand. Vakante stillingar som ein slit med å rekruttere til, utfordrar dette bilete mot slutten av 2024 og så langt i 2025.

Barnevernstenesta har 9,4 mill. kroner i budsjettet til kjøp frå staten/BUFETAT. Dette er ein post som kan variere mykje frå år til år, avhengig av institusjonsplasserte barn, mottak av flyktningar m.m.. Dette er ein faktor som er vanskelegare å kontrollere enn «vanleg» drift, men som enkelte år gir store utslag, både i kommunen sin rekneskap og i ressursfordelinga i budsjettet.

Rekruttering til vakante stillingar, kjøp av tiltak og konsulentbistand som aukar, og kjøp frå staten er hovudutfordringar i 2025. «Terskelane» i barnevern (rett teneste, til rett tid og på rett nivå) er kontinuerleg arbeid, og bør vurderast jamleg.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | **Barnevernstenesta** | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 30,8 | 25,2 | 28,5 | 27,6 |
| Lønn (rev. budsjett) | 34,7 (37,4) | 40,4 (40,2) | 38,7 (40,6) | (40,4) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 31,3 (21,0) | 22,5 (23,9) | 24,2 (21,9) | (22,1) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -3,0 (-1,7) | -2,7 (-0,5) | -1,8 (-0,6) | (-0,6) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **63,0 (56,7)** | **60,2 (63,6)** | **61,2 (61,9)** | **(61,8)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 2 488 kr (2 736 kr) | Utgifter pr. innbyggjar til barnevern (landet) |
| 2,1 % (4,0 %) | Barn med undersøkelse ift. Antall innbyggjarar 0-17 år (landet) |
| 0,7 % (1,0 %) | Andel barn med tiltak som er plassert ift innbyggjarar 0-17 år (landet) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak planlagt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Barnevernstenesta

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Motta og vurdere meldingar | Førebyggande arbeid i barnehage og skule |
| Undersøkelse | Foredrestøttande tiltak og kurs |
| Iverksette hjelpetiltak | Fritidstiltak og miljøarbeid |
| Akuttvedtak og omsorgsovertaking | Støtte til fosterheim og ettervern utover minimumskrav |
| Oppfølging av barn og foreldre etter tiltak | |
| Tverrfaleg samarbeid og individuell plan | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter barnevernslova.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

BV har låge kostnader og lågare andel barn. Det gir ei samla lågare prioritering enn resten av landet. Det er bra - i økonomisk forstand. Kan vere eit bilete på at ein jobbar godt med det førebyggjande arbeidet og gjer gode prioriteringar. Samtidig kan det vere eit bilete på at ein gjer for lite, og til for få. Her bør ein jamleg vurdere og evaluere kva som er rett teneste, til rett tid og på rett nivå.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| | |

# Status eining: Aktivitetseininga

**Hovudoppgåver:**

Aktivitetseininga har som mål å vere ein arbeidsplass som er ein god stad å vere både for våre eigne tilsette og for brukarane våre. Vi skal vere ein arbeidsplass med gode arbeidsmiljø og god kompetanse. Hovudoppgåver består av:

- **Dagtilbod for eldre**: Aktivitet i omsorgsenter, dagtilbod heimebuande eldre, dagtilbod heimebuande dementssjuke.
- **Dagtilbod yngre:** dagtilbod for funksjonsnedsette, psykiatri og rus
- **Vaksenopplæring**
- **3 Frivilligsentralar:** ein frisklivskoordinator og støtte og treningskontakttenesta, samt BUA.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Aktivitetseininga består av 48 tilsette fordelt på 34,26 årsverk (i budsjettet). Mange som arbeider i små stillingar. Tilbodet var veldig ulikt organisert i dei fire gamle kommunane. Frå 2020 til no har ein brukt mykje tid på fagleg samarbeid, likeverdige tenester og større fagmiljø.

Nærheit til brukarar er viktig, difor ein desentralisert tilbodsstruktur med tenester på Skei, Vassenden, Sande, Naustdal og i Førde. Alle lokasjonar har tilbod til både yngre og eldre, fordelt på til saman 10 ulike hus.

Sunnfjord kommune ligg høgt på aktivitetstilbod (KOSTRA). Det er eit ønska nivå og resultat av strategisk arbeid vidareført frå Førde kommune. Eit godt og variert aktivitetstilbod, i nærheit av innbyggjarane, gir ein betre kvardag for brukarane, verkar forebyggande, og gjer at ein kan ta ned tilbodet i andre (og meir kostbare) einingar på dagtid. Tidlegare analyse (KS Læringsnettverk for PU 2023) underbyggjer denne teorien.

Har behov for fleire plassar til heimebuande demenssjuke (eldre), særleg i Naustdal og i Førde. Kapasiteten ved Førde Ressurssenter (FøRs) er maksimert ut i frå plass og tal tilsette. Auke i tal yngre som ønskjer tilbod her.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | **Aktivitetseininga** |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 36,0 | 33,8 | 34,2 | 35,0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 27,7 (27,3) | 31,9 (30,5) | 30,8 (31,5) | (30,3) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 9,9 (10,2) | 9,8 (10,6) | 9,3 (10,5) | (10,5) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -6,9 (-6,9) | -6,2 (-6,9) | -5,7 (-7,5) | (-7,3) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **30,7 (30,6)** | **35,4 (34,2)** | **34,4 (34,5)** | **(33,5)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 9 389 kr (7 346 kr) | Nto.utg. (aktivitsering og støttetenester) per innbygger 67 år+ (landet) |
| 1 996 900 kr | Leigekostnder (2024) |
| 114 800 kr | Straumkostnader i leigde bygg (2024) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Redusere løns- og driftsutgifter | Redusert vikarinnleige og auka brukarbetaling (ingen) | 0,1 | 0,1 | 2025 |
| Avslutte tiltak | Kjøp frå private (ingen) | 0,3 | 0,3 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Aktivitetseininga

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Tilby dagaktivitetstilbod til personar med utviklingshemming | Kreative verkstader, musikk, forming, matlaging |
| Bidra til habilitering og rehabilitering | Sosiale møteplassar og kafètilbod |
| Samarbeid med NAV, helse og skule for overgang til arbeid eller aktivitet | Turar og fysisk aktivitet |
| Tilrettelegging for fysisk aktivitet og sosial deltaking | Samarbeid med frivillige og idrettslag |
| | Brukarstyrte aktivitetar og medverknad |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Kostanden per innbyggar er høgt i Sunnfjord og ein bør vurdere eininga nærmare, samtidig som eininga yte tenester som kan bidra til å reduserer kostnadar i andre einingar. Desentralisert struktur med nærheit til brukarane kan vere ein suksessfaktor slik dette er organisert i dag.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Vurdere struktur saman med helse og omsorg |
| Kort | Vurdere tenestenivå samanlikna med andre kommunar |

# Status eining: Psykisk helse og rus

**Hovudoppgåver:**

Eininga driv psykiske helsetenester. Hjelp i kvardagen, støttesamtalar med råd og rettleiing.

Tilbod til rusavhengige.

Pakkeforløp, som skal gje pasient eller pårørande eit behandlingsforløp som er heilskapleg og føreseieleg, utan nødvendig ventetid.

Ulike lågterskeltilbod. Skape sosiale møteplassar der brukarane kan treffast. Aktivitetstilbod og trening.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Psykisk helse og rus har kontorlokale i Førde, Naustdal, Sande og Jølster. Eininga har 21,1 årsverk i budsjettet, med ein leiar og ein assisterande. Dei tilsette har ei fagleg brei kompetanse. Sjukepleiarar, vernepleiarar, barnevernspedagogar, sosionomar, idrettspedagog, erfaringskonsulent og helsefagarbeidar.

Eininga yter heimebaserte tenester som oppfølgingssamtalar, praktisk bistand m.m. Per i dag 386 brukarar, med varierande behov og omfang. Tal brukarar aukar med om lag 50-60 stykk frå året før. Det er vekst både i tal yngre vaksne, og i tal eldre med psykiske lidingar.

Nyttar digitalte tilsyn, rusbustad, individuell plan og personleg koordinator m.m. til oppfølging av enkelte brukarar.

Aktivitetsnivået er har vore stabilt aukande, men handterbart dei siste åra. Det er særleg nokre element som utfordrar den daglege drifta og økonomistyringa framover:

- Ny rusreform: Krav og føringar – korleis slår dette ut for oss?
- Flyktningar: Sannsynlege mørketal i høve tal flyktningar som treng hjelp frå oss.
- BPA-tiltak (brukarstyrt personleg assistanse). Nye tiltak som (ofte) manglar finansiering.
- Nivået på LAR-refusjonar (Legemiddelassistert rehabilitering)

Gråsone: Når er det psykisk helse og rus, og når er det omsorgstenester?

**Helse og sosial**

Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga

**Psykisk helse og rus** | Bu- og avlastningseininga | Butiltak psykisk helse

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 20,2 | 21,2 | 21,2 | 19,4 |
| Lønn (rev. budsjett) | 15,4 (17,1) | 18,8 (19,7) | 17,1 (18,7) | (18,3) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 4,2 (2,2) | 3,8 (3,0) | 6,2 (3,3) | (3,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -2,7 (-1,4) | -1,5 (-0,5) | -2,4 (-0,7) | (-0,4) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **16,9 (17,8)** | **21,1 (22,2)** | **20,9 (21,3)** | **(21,3)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 314 brukarar (133 t/veke) | Tal tenestemottakarar Psykisk helsehjelp (vedtakstimar) |
| 72 brukarar (82 t/veke) | Tal tenestemottakarar Praktisk bistand (vedtakstimar) |
| 56 % - 19 % - 12 % 13 % | Fordeling brukarar i % per sone: Førde – Naustdal – Sande – Jølster |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Reduserte løns- og driftsutgifter | Velferdstiltak tilsette m.m. | 0,1 | 0,1 | 2025 |
| Samhandling | Samarbeid mellom Butiltak psykisk helse og Psyikisk helse og rus (ingen). | 0,2 | 0,0 | 2025 |
| Samhandling | Samarbeid mellom Butiltak psykisk helse og Psyikisk helse og rus (ingen). | 0,6 | 0,0 | 2026 |

# Analyse og tiltak eining: Psykisk helse og rus

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Kartlegging av hjelpebehov | Lågterskeltilbod (drop-in, samtalegrupper, aktivitetstilbod) |
| Tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester | Oppsøkande arbeid og bruk av erfaringskonsulentar. |
| Samarbeid med spesialisthelsetenesta | Tverrfagleg innsats og samarbeid. |
| Individuell plan og koordinator | Tiltak i skule og arbeidsliv |
| Oppfølging etter utskriving frå institusjon | |
| Vurdering og handtering av valdsrisiko | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasient- og brukarrettighetslova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Eininga har hatt ein dobling av tildelte timar frå 2020 til i dag og erfarer ein auke i psykiske lidingar i befolkninga.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Lære av «Fredrikstad modellen» som vektlegge tidleg innsats |
| Kort | Etablere dialog med Helse Førde om korleis ein kan sørge for samarbeid og sørge for behovsstyrt tenestetildeling |

# Status eining: Bu- og avlastningseininga

**Hovudoppgåver:**

Bu- og avlastingstenesta yter tenester til familiar med barn med omfattande hjelpebehov. Dette er barn og unge vaksne som har ulike psykiske eller fysiske funksjonsnedsettingar, som treng langvarige koordinerte tenester. Avlastinga er i hovudsak ei forlenging av heimen, men også av barnehagen og skulen.

Avlasting kan skje i og utanfor institusjon. Det er fokus på sosiale ferdigheiter, daglege livsferdigheiter og naudsynt helsehjelp, ofte i tett samarbeid med andre tenester som skule, barnehage og helsetenester.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga er lokalisert i nye lokalar i tilknyting til Førde barneskule, med ein einingsleiar og ein assisterande.

Sidan 2022 har eininga hatt ein voldsom auke. Det er stadig fleire foreldre som treng avlasting på grunn av barna sine utfordringar. Bu - og avlastinga meldte inn i budsjett 2024 eit behov på ca. 4,7 mill. kr, som ein ikkje fann rom til. Eininga gjekk med eit tilsvarande meirforbruk same år.

Utfordringane frå -24 tar ein med seg vidare, samtidig aukar etterspørselen ytterlegare i løpet av 2025. Kort sagt aukar behovet raskare enn budsjettramma. Eininga har difor fått godkjent å nytte fleire årsverk enn dei har i budsjettet sitt.

Eininga er under ekstremt høgt press. Det gjer det utfordrande å jobbe strukturert og tiltaksbasert, og å evaluere om ein gir tenester i rett omfang og på rett nivå.

Eininga gir gode tenester og har eit godt renommé. Det kan vere ei delforklaring på kvifor etterspørselen går opp. Rekrutterer godt samanlikna med andre, men har og ein del turnover på tilsette.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | **Bu- og avlastningseininga** | Butiltak psykisk helse | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 17,6 | 22,4 | 25,4 | 27,7 |
| Lønn (rev. budsjett) | 16,1 (13,8) | 21,8 (19,4) | 23,0 (17,1) | (16,4) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,9 (-0,7) | 0,7 (-0,7) | -0,5 (2) | (2,7) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -2,0 (-0,03) | -2,1 (-1,3) | -1,6 (-1,8) | (-2,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | 16,1 (12,3) | 20,5 (17,5) | 21,0 (17,3) | (16,6) |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 38 | Tal barn med avlastning i institusjon (2022) |
| 54 | Tal barn med avlastning i institusjon (2023) |
| 60 | Tal barn med avlastning i institusjon (2024) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Sommarstengt | Stenge 1 veke i sommarferien – redusert bemanning | 0,3 | 0,3 | 2025 |
| Sommarstengt | Stenge 2 veke i sommarferien – redusert bemanning | 0,6 | 0,0 | 2026 |
| Tenestestandard | Generelt nedtak – innstramming | 0,75 | 0,0 | 2025 |
| Tenestestandard | Generelt nedtak – innstramming | 0,1 | 0,0 | 2026 |

# Analyse og tiltak eining: Bu- og avlastningseininga

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Avlastning for familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver | Fritidstilbod og aktivitetar i bustad |
| Omsorgstenester i form av bustad med tilsyn og rettleiing | Miljøarbeid og sosial trening |
| Tenester til born med funksjonsnedsetting | Brukastyrte tiltak og medverknad i kvardagen |
| Individuell plan og koordinator | Samarbeid med skule og helse utover vedtak |
| Samarbeid med barnevern og andre instansar | Tilrettelegging for overgang til vaksenliv |
| Rett til medverknad og tilpassa tenester | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasient- og brukarrettighetslova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Eininga hadde et meirforbruk i 2024 på 3,7 millionar. Eininga opplever ein stor auke i tildeling av tenester og budsjett for 2025 er truleg for lågt. Store svingingar i toppfinansieringstilskotet gjer det vanskeleg å planleggje og styre økonomien effektivt.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Vurdere tiltak saman med tildelingseininga for at familiane kan gjære dei betre i stand til å klare seg meir sjølve. |
| Kort | Vurdere budsjettet for eininga i lys av auke i tildelingar |

# Status eining: Butiltak psykisk helse

**Hovudoppgåver:**

Eininga gir praktisk bistand og opplæring til personar med psykiske helseutfordringar. Arbeidet er brukarnært og krev ofte tett og kontinuerleg oppfølging. Personalet bidreg til å skape trygge og føreseielege rammer i kvardagen, og hjelper brukarane med daglege gjeremål, psykisk helse og deltaking i aktivitetar.

Tilsette har også ansvar som primærkontakt og koordinator for enkeltbrukarar, noko som inneber samarbeid med pårørande og ulike faginstansar. I tillegg dokumenterer dei tenestene i tråd med lovverk, kvalitetskrav og kommunale retningslinjer. Rettleiing av studentar er òg ein del av oppgåvene.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Butiltak psykisk helse 27,8 årsverk i budsjettet, med ein leiar og ein assisterande. Gjennomgåande høg fagkompetanse, fordelt mellom vernepleie, miljøterapautar, sjukepleie og ulike spesialutdanningar.

Eininga har 33 brukarar der 25 har tiltak i Førde, 5 har tiltak på Vassenden. I tillegg har eininga ansvar for 3 sikkerheitstiltak som vert kjøpt frå eksterne med lokasjonar i og utanfor kommunen.

Enkelte av brukarane har eit stort ressursbehov med 1-1 og 2-1 tiltak heile døgnet. I tillegg er det brukarar med høg grad av individuelle behov, som gjer at ein i mindre grad kan løyse tenestebehovet i andre, tradisjonelle pleie- og omsorgstenester.

Dette ser ein igjen i **tilskotet til ressurskrevjande brukarar** (toppfinansiering). Det er inga eining i kommunen som har så høg toppfinansieringsgrad som denne eininga. Dette gjer eininga sårbar i forhold til utgifter og inntekter, dersom brukarar fell ut av tilskotsordninga frå eit år til neste. To brukarar fell ut av tilskotsordninga i 2026 pga alder. Det gir eit inntektsbortfall på 6,0 mill. kroner. Brukarane vil framleis ha same behov som i dag.

Planar om nytt bufellesskap i Førde med 10 omsorgsbustader med personalbase, låg inne i økonomiplanen for 2026 (investeringsbudsjett). Etter planen skal denne erstatte avdelinga på Vassenden. Investeringa er utsett i tid som følgje av den økonomiske situasjonen i kommunen.

| Helse og sosial | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fysio- og ergoterapitenesta | NAV | Legetenesta | Helsestasjonen | Barnevernstenesta | Aktivitetseininga |
| Psykisk helse og rus | Bu- og avlastningseininga | **Butiltak psykisk helse** | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 26,7 | 27,1 | 24,1 | 25,5 |
| Lønn (rev. budsjett) | 21,7 (23,2) | 24,2 (25,6) | 24,5 (26,1) | (26,6) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 26,3 (28,2) | 27,5 (27,6) | 28,7 (28,9) | (30,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -22,0 (-23,8) | -24,4 (-22,0) | -22,0 (-22,8) | (-22,7) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **26,0 (27,6)** | **27,3 (31,2)** | **31,2 (32,1)** | **(34,3)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 6 | Tal ressurskrevjande brukarar |
| 31,6 mill. kroner | Bruttokostnad for ressurskrevjande tiltak i eininga (2024) |
| 17,2 mill. kroner (14,4 mill. kroner) | Toppfinansiering for ressurskrevjande tiltak i eininga (nettokostnad) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Samhandling | Samarbeid mellom Butiltak psykisk helse og Psyikisk helse og rus (ingen). | 0,2 | 0,0 | 2025 |
| Samhandling | Samarbeid mellom Butiltak psykisk helse og Psyikisk helse og rus (ingen). | 0,6 | 0,0 | 2026 |

# Analyse og tiltak eining: Butiltak psykisk helse

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Tilrettelegging av bustad med helse- og omsorgstenester | Aktivitetstilbod i bustad eller nærmiljø |
| Oppfølging i bustad (t.d. miljøarbeid, medisinhandtering) | Sosial trening og støtte til daglelivets gjeremål |
| Individuell plan og koordinering | Brukarstyrte tiltak og medverknad |
| Bruk av makt og tvang ved fare for skade | Samarbeid med frivillige og pårørande |
| Samarbeid med spesialisthelsetenesta | Tilrettelegging for overgang til arbeid eller utdanning |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettighetslova.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Store svingingar i toppfinansieringstilskotet gjer det vanskeleg å planleggje og styre økonomien effektivt. Ikkje optimal struktur. Sikkerheitstiltak – som i dag blir kjøpt av private – kan organiserast i kommunal regi.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Nytt bufelleskap i Førde |
| Lang | Interkommunalt samarbeid om sikkerheitstiltak |

# Status sektor: Omsorg

**Hovudoppgåver:**

Omsorg fokuserer på å yte gode tenester i samarbeid med andre tenester. Brukarane skal kjenne tryggleik gjennom tenester forankra i fagleg kompetanse, sosial og kulturell tilhøyrigheit, og etisk tilnærming. Målet er rett teneste til rett tid på beste effektive omsorgsnivå (BEON). Samarbeid og innovasjon er viktig for å imøtekomme brukarane sine behov og utvikle tenestene.

Omfanget av tenestene avheng av brukarane sine behov og vedtatt tenestestandard. Tenester vert tildelt gjennom enkeltvedtak etter kartlegging av tenestebehovet. Kommunen har plikt til å yte nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som bur og oppheld seg i kommunen, jf. Helse- og omsorgstenestelova.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sektoren har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 2,0 millionar kroner og eit utfordringsbilete frå 2024 på 49,0 millionar kroner. Per mars (2025) melder sektoren om eit meirforbruk på 37,8 millionar kroner.

Organiseringa er stort sett vidareført frå dei fire gamle kommunane, med lokasjonar på Sande, Skei, Vassenden, Naustdal og Førde. Førde omsorgssenter var organisert som tre einingar, men er i frå 2025 slått saman til ein. Er i dag den største eininga i kommunen ut i frå tal årsverk. Einingane Bu- og avlastning og Butiltak psykisk helse vart flytta frå sektor omsorg til sektor helse og sosial frå 01. januar 2024.

Hovudutfordringane i 2025 er knytt til rekruttering, sjukefråvær, demografisk utvikling, auka behov i yngreomsorgen, finansiering av nye BPA-tiltak/kjøp frå private, og reduksjon i tilskot til ressurskrevjande tenester.

Ressursbehovet aukar raskare enn omstillingstakta, og det utfordrar budsjettdisiplin og utviklingsarbeid.

Sunnfjord kommune har ingen klar strategi i forhold til om ein satsar på institusjonsbaserte- eller heimebaserte omsorgstenester. Dei samla bruttoutgiftene fordelar seg 37 % til institusjon, 40 % til heimetenestene og 23 % til bu- og miljøtenestene.

Det er ingenting i demografien vår som tilseier at vi skal ha høgare utgifter til omsorg enn landet. Det samla utgiftsbehovet for pleie- og omsorgstenester ligg på landssnittet. Men høg andel barn og unge og høg andel med PU-diagnose kan forklarar deler av presset i yngreomsorgen.

**Omsorg**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | Naustdal omsorgssenter | Skei omsorgssenter | Førde omsorgssenter | Sande heimeteneste | Naustdal heimeteneste |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkentenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 480 | 489 | 499 | 491 |
| Lønn (rev. budsjett) | 459,6 (441,8) | 525,0 (517,6) | 481,8 (478,4) | (480,5) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 85,7 (68,6) | 96,3 (62,6) | 63,7 (35,1) | (48,1) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -122,1 (-110,5) | -148,5 (-123,1) | -77,0 (-92,7) | (-116,8) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **423,2 (399,9)** | **472,8 (457,0)** | **468,6 (420,9)** | **(411,8)** |

| Planlagde tiltak: | Planlagd innsparing | Framdrift innsparing |
|---|---|---|
| Auka grunnbemanning | 1,5 | 1,5 |
| Omsorgsbustader vs. Institusjon | 1,3 | 0 |

# Status eining: Sande omsorgssenter

**Hovudoppgåver:**

Omsorgssenter tilbyr heilskaplege helse- og omsorgstenester til personar som ikkje kan klare seg sjølve i kvardagen, og som har behov for tettare oppfølging enn det som kan gjevast i heimen.

Vi legg til rette for både korttids- og langtidsopphald, og gir medisinsk oppfølging, personleg assistanse, måltid og aktivitetar. Målet er å sikre ein verdig og meiningsfull kvardag, tilpassa den enkelte sitt behov.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sande omsorgssenter har 41 rom: 38 langtidsplassar (8 skjerma), 1 avlastningsplass, 1 palliativt rom og 1 pårøranderom. Lokalisert i Sande sentrum.

Omsorgssenteret har 35 årsverk i budsjettet, med einingsleiar og assisterande einingsleiar ansvarlege for administrasjonen. I dag har omsorgssenteret 10 sjukepleiarar i turnus og 23 helsefagarbeidarar. Det er også mindre stillingsprosenter i helgene og 3-månaders kontrakter. Målet er å ha 4 lærlingar kvart år. I tillegg har vi jamt med studentar og elevar innom.

Eininga har hatt tidvis store utfordringar med rekruttering og vakante stillingar. Kapasiteten er tidvis maksimert og brukarane har jamt over eit stort pleiebehov – men stabilt. Løns- og driftsutgifter stort sett i balanse mot budsjettet, men har dei siste åra hatt unormalt høge inntekter (brukarbetaling) på enkeltbrukarar. Det har gjeve betydeleg mindreforbruk kvart år i perioden frå 2020-dd. Eininga har stabil, men krevjande drift og god økonomistyring.

Størrelsen på eininga i tillegg til samarbeid med heimetenesta, gir ein fleksibilitet som er vanskeleg å oppnå på same måte i andre, mindre einingar. Mykje som tyder på ei kostnadseffektiv organisering (stordriftsfordelar).

| Omsorg | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | Naustdal omsorgssenter | Skei omsorgssenter | Førde omsorgssenter | Sande heimeteneste | Naustdal heimeteneste |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkenenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 34,7 | 33,1 | 31,4 | 26,1 |
| Lønn (rev. budsjett) | 27,6 (28,0) | 30,2 (30,9) | 29,9 (30,6) | (31,0) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 2,1 (2,2) | 2,3 (2,3) | 2,1 (2,3) | (2,3) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -8,1 (-7,2) | -8,7 (-7,1) | -10,3 (-7,5) | (-7,6) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **21,7 (23,0)** | **23,8 (26,0)** | **21,7 (25,5)** | **(25,7)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 542 000 kr | Kostnad per sengeplass |
| 102,2 % | Beleggprosent gjennom året |
| **7,6 %** (1,4 % - 6,2 %) | Sjukefråvær (korttid – langtid) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak planlagt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Sande omsorgssenter

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde teneser |
|---|---|
| Helsetenester i institusjon (nødvendig helsehjelp) | Aktivisering eller sosiale, kulturelle eller religiøse aktivitetar. |
| Langtidsopphald for personar med omfattande behov. | Korttidsplassar (ikkje lovkrav, men strengt anbefalt). |
| Individuell vurdering og enkeltvedtak. | Bruk av velferdsteknologi (strengt anbefalt) |
| Demensomsorg (fleire lovkrav). | Samarbeid med frivillige og organisasjonar |
| Mat og ernæring – tilpassa medisinske behov. | Matservering med valfridom og lokalmat |
| Praktisk hjelp og hygiene (dusjing, påkledning og tannstell) | Sminke, hårstell, handling, hjelp til bruk av teknologi, kontakt med familie eller nettverk. |
| Forsvarleg drift og bemanning (krav til kompetanse og kvalitet). | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasientjournallova, helsepersonellova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige helse- og omsorgstenester, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester. Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Sande omsorgssenter hadde mindreforbruk i 2024 på 3,8 millionar som skuldas utfordringar med å fylle vakante stillingar, samt høge inntekter frå brukarbetalingar. Eininga har eit sjukefråvær på 7,2%, som er lågast blant omsorgssentera. Alle omsorgssentera har eit differensiert tilbod, og opplever meir omfattande behov enn før. På grunn av demografiutviklinga må ein forvente auke i behovet for institusjonsplassar framover.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Større grad av samlokalisering av ulike tenester og spesialisering på de tyngste brukarane. Eksempelvis har demensomsorg behov for kompetanse og eigna bygg for å drifte effektivt. |
| Lang | Kommunen bør gjære ein analyse med framskriving av behov og bemanning som ligger til grunn for ein plan for institusjons- og butilbod. |
| Kort | Sektoren må halde fram arbeidet med arbeidsdeling mellom einingane. |
| Kort | Vurdere tiltak for å betre bemanningssituasjonen på eininga. |

# Status eining: Naustdal omsorgssenter

**Hovudoppgåver:**

Omsorgssenter tilbyr heilskaplege helse- og omsorgstenester til personar som ikkje kan klare seg sjølve i kvardagen, og som har behov for tettare oppfølging enn det som kan gjevast i heimen.

Vi legg til rette for både korttids- og langtidsopphald, og gir medisinsk oppfølging, personleg assistanse, måltid og aktivitetar. Målet er å sikre ein verdig og meiningsfull kvardag, tilpassa den enkelte sitt behov.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Naustdal omsorgssenter har 20 langtidsplassar (8 skjerma). Lokalisert i Naustdal sentrum.

Omsorgssenteret har 20,89 årsverk i budsjettet, med einingsleiar og assisterande einingsleiar ansvarlege for administrasjonen. I dag har omsorgssenteret 8 sjukepleiarar i turnus og 8 helsefagarbeidarar. Det resterande er assistentar og mindre stillingsprosenter i helgene. Har to lærlingar i år. Tar imot studentar og elevar i praksis gjennom året.

Også her er kapasiteten maksimert og brukarane har jamt over eit stort pleiebehov. I tillegg er bygningsmassen gammal, over 3 etasjer og lite funksjonell, som gir ekstrabelastning for tilsette (avstandar, ergonometri, velf.teknologi) og må takast høgde for i turnusplanlegginga.

Eininga har hatt tidvis store utfordringar med sjukefråvær og slit med å sikre rett kompetanse på alle vakter. Samarbeider godt med heimetenestene.

| Omsorg | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | **Naustdal omsorgssenter** | Skei omsorgssenter | Førde omsorgssenter | Sande heimeteneste | Naustdal heimeteneste |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkentenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 20,2 | 21,7 | 22,4 | 21,6 |
| Lønn (rev. budsjett) | 19,5 (18,0) | 20,2 (19,6) | 18,8 (19,1) | (19,4) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,4 (1,2) | 1,9 (1,0) | 3,6 (1,0) | (1,0) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -5,7 (-3,7) | -4,0 (-3,7) | -4,6 (-4,0) | (-4,0) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **15,2 (15,6)** | **18,2 (17,0)** | **17,7 (16,1)** | **(16,4)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 887 000 kr | Kostnad per sengeplass |
| 110,3 % | Beleggprosent gjennom året |
| **14,4 %** (3,1 % - 8,3 %) | Sjukefråvær (korttid – langtid) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak planlagt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Naustdal omsorgssenter

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Helsetenester i institusjon (nødvendig helsehjelp) | Aktivisering eller sosiale, kulturelle eller religiøse aktivitetar. |
| Langtidsopphald for personar med omfattande behov. | Korttidsplassar (ikkje lovkrav, men strengt anbefalt). |
| Individuell vurdering og enkeltvedtak. | Bruk av velferdsteknologi (strengt anbefalt) |
| Demensomsorg (fleire lovkrav). | Samarbeid med frivillige og organisasjonar |
| Mat og ernæring – tilpassa medisinske behov. | Matservering med valfridom og lokalmat |
| Praktisk hjelp og hygiene (dusjing, påkledning og tannstell) | Sminke, hårstell, handling, hjelp til bruk av teknologi, kontakt med familie eller nettverk. |
| Forsvarleg drift og bemanning (krav til kompetanse og kvalitet). | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasientjournallova, helsepersonellova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige helse- og omsorgstenester, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester. Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Naustdal omsorgssenter hadde meirforbruk i 2024 på 1,6 millionar. Eininga har eit sjukefråvær på 11,5%. Alle omsorgssentera har eit differensiert tilbod, og opplever meir omfattande behov enn før. På grunn av demografiutviklinga må ein forvente auke i behovet for institusjonsplassar framover.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Større grad av samlokalisering av ulike tenester og spesialisering på de tyngste brukarane. Eksempelvis har demensomsorg behov for kompetanse og eina bygg for å drifte effektivt. |
| Lang | Kommunen bør gjære ein analyse med framskriving av behov og bemanning som ligger til grunn for ein plan for institusjons- og butilbod. |
| Kort | Sektoren må halde fram arbeidet med arbeidsdeling mellom einingane. |

# Status eining: Skei omsorgssenter

**Hovudoppgåver:**

Omsorgssenter tilbyr heilskaplege helse- og omsorgstenester til personar som ikkje kan klare seg sjølve i kvardagen, og som har behov for tettare oppfølging enn det som kan gjevast i heimen.

Vi legg til rette for både korttids- og langtidsopphald, og gir medisinsk oppfølging, personleg assistanse, måltid og aktivitetar. Målet er å sikre ein verdig og meiningsfull kvardag, tilpassa den enkelte sitt behov.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Skei omsorgssenter har 33 sengeplassar, fordelt på langtid (18 stk), skjerma (7 stk) og korttid/rehabilitering (8 stk.). Lokalisert i Skei sentrum. Omsorgssenteret er bygd som, og driftast som ein institusjon.

I 2006 (Jølster) vart 25 av 33 plassar omdefinert frå «institusjonsplassar» til «omsorgsbustader i bufellesskap». Det gjer at utgifter og inntekter i KOSTRA blir ført på funksjon 258 (heimeteneste) og ikkje 253 (institusjon), og at bebuarane betaler husleige m.m. i staden for vederlagsberekning. Kommunen ønskjer å gå tilbake til institusjonsplassar. Dette for å få lik organisering av omsorgssentera i kommunen, òg fordi her er eit gevinstpotensiale på 1,2 mill. kroner i 2025, aukande til 1,6 mill. kroner i 2026.

Kapasiteten er også her så godt som maksimert. Langtidsplassane (i bufellesskap) ligg på 98,2 %. Alle plassane er i bruk gjennom året. Korttidsplassane ligg med 90,7 % i beleggsprosent. Det er høgt, og over ønska nivå for ei korttidsavdeling (80-85 %).

Når belegget blir for høgt på korttid, utfordrar det fleksibiliteten og førebygginga slike sengeplassar er meint å gi. I 2025 klarar vi ikkje ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i den grad vi burde. Når korttidsplassar blir ein flaskehals, kan det få konsekvensar for andre omsorgstenester i form av meirbelastning.

| Omsorg | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | Naustdal omsorgssenter | **Skei omsorgssenter** | Førde omsorgssenter | Sande heimeteneste | Naustdal heimeteneste |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkentenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 28,7 | 28,4 | 27,5 | 25,6 |
| Lønn (rev. budsjett) | 24,5 (22,5) | 27,5 (25,8) | 28,4 (25,7) | (27,2) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 2,5 (2,3) | 1,0 (3,3) | 1,9 (1,0) | (1,3) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -3,6 (-3,3) | -3,1 (-3,2) | -3,5 (-3,5) | (-3,6) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **23,5 (21,5)** | **27,8 (23,6)** | **26,8 (23,3)** | **(25,0)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 811 000 kr | Kostnad per sengeplass |
| 94,4 % | Beleggprosent gjennom året |
| **11,3 %** (3,1 % – 8,2 %) | Sjukefråvær (korttid – langtid) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Omklassifisering | Endre 25 plassar frå «omsorgsbustader i bufellesskap» til «institusjonplass» | 1,3 | 0,0 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Skei omsorgssenter

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Helsetenester i institusjon (nødvendig helsehjelp) | Aktivisering eller sosiale, kulturelle eller religiøse aktivitetar. |
| Langtidsopphald for personar med omfattande behov. | Korttidsplassar (ikkje lovkrav, men strengt anbefalt). |
| Individuell vurdering og enkeltvedtak. | Bruk av velferdsteknologi (strengt anbefalt) |
| Demensomsorg (fleire lovkrav). | Samarbeid med frivillige og organisasjonar |
| Mat og ernæring – tilpassa medisinske behov. | Matservering med valfridom og lokalmat |
| Praktisk hjelp og hygiene (dusjing, påkledning og tannstell) | Sminke, hårstell, handling, hjelp til bruk av teknologi, kontakt med familie eller nettverk. |
| Forsvarleg drift og bemanning (krav til kompetanse og kvalitet). | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasientjournallova, helsepersonellova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige helse- og omsorgstenester, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester. Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Skei omsorgssenter hadde meirforbruk i 2024 på 3,5 millionar. Eininga har eit sjukefråvær på 10,4%. Alle omsorgssentera har eit differensiert tilbod, og opplever meir omfattande behov enn før. På grunn av demografiutviklinga må ein forvente auke i behovet for institusjonsplassar framover.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Større grad av samlokalisering av ulike tenester og spesialisering på de tyngste brukarane. Eksempelvis har demensomsorg behov for kompetanse og eina bygg for å drifte effektivt. |
| Lang | Kommunen bør gjære ein analyse med framskriving av behov og bemanning som ligger til grunn for ein plan for institusjons- og butilbod. |
| Kort | Sektoren må halde fram arbeidet med arbeidsdeling mellom einingane. |

# Status eining: Førde omsorgssenter

**Hovudoppgåver:**

Omsorgssenter tilbyr heilskaplege helse- og omsorgstenester til personar som ikkje kan klare seg sjølve i kvardagen, og som har behov for tettare oppfølging enn det som kan gjevast i heimen.

Vi legg til rette for både korttids- og langtidsopphald, og gir medisinsk oppfølging, personleg assistanse, måltid og aktivitetar. Målet er å sikre ein verdig og meiningsfull kvardag, tilpassa den enkelte sitt behov.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Frå 01. januar 2025 vart dei tre einingane ved Førde omsorgssenter slått saman til ei eining, og er i dag den største eininga i kommunen ut i frå tal årsverk (i budsjettet). Er organisert med ein einingsleiar og tre assisterande i tillegg til ein merkantil ressurs på 100 %.

Eininga er lokalisert i Førde sentrum og består av tre avdelingar: Korttid (15 plassar), langtid (28 plassar) og skjerma (28 plassar).

Korttidsavdelinga gir opphald for ein avgrensa periode. Føremålet er å gi helsehjelp, rehabilitering eller avlastning slik at ein unngår langvarig institusjonsopphald. I tillegg tar dei imot utskrivingsklare pasienter frå sentralsjukehuset, som er for sjuke til å dra heim. Pasientgrunnlaget er på linje med ei sjukehusavdeling.

Skjerma avdeling er den største avdelinga for personar med demens i kommunen og er meir tilpassa og «reindyrka» for denne brukargruppa enn ved dei andre omsorgssentera.

Pleietyngda aukar og brukarane er dårlegare når dei får ein institusjonsplass no enn tidlegare. Eininga har «på papiret» ei romsleg bemanning og høg fagdekning samanlikna med dei andre omsorgssentera i kommunen. (Korttid- og skjerma avd. er naturlege delforklaring på dette). Samtidig har eininga hatt store overskridingar dei siste åra, i tillegg til høgt sjukefråvær og arbeidsmiljøutfordringar.

Kapasiteten er også her opp mot maksgrensa. Beleggprosenten på korttidseininga ligg på 93 % så langt i 2025. Når belegget blir for høgt på korttid, utfordrar det fleksibiliteten og førebygginga slike sengeplassar er meint å gi. Resultatet er meirbelastning i andre tenester.

| Omsorg | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | Naustdal omsorgssenter | Skei omsorgssenter | **Førde omsorgssenter** | Sande heimeteneste | Naustdal heimeteneste |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkentenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 66,8 | 68,6 | 73,1 | 67,4 |
| Lønn (rev. budsjett) | 66,2 (59,2) | 72,1 (67,1) | 75,4 (67,6) | (67,2) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 10,6 (4,9) | 17,8 (4,3) | 9,4 (3,8) | (3,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -15,0 (-11,9) | -19,0 (-12,5) | -17,8 (-13,9) | (-14,4) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **61,8 (52,2)** | **71,0 (58,8)** | **67,0 (57,6)** | **(56,3)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 1 098 000 kr | Kostnad per sengeplass |
| 87,8 % | Beleggprosent gjennom året |
| **17,9 %** (4,2 % – 13,7 %) | Sjukefråvær (korttid – langtid) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak planlagt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Førde omsorgssenter

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Helsetenester i institusjon (nødvendig helsehjelp) | Aktivisering eller sosiale, kulturelle eller religiøse aktivitetar. |
| Langtidsopphald for personar med omfattande behov. | Korttidsplassar (ikkje lovkrav, men strengt anbefalt). |
| Individuell vurdering og enkeltvedtak. | Bruk av velferdsteknologi (strengt anbefalt) |
| Demensomsorg (fleire lovkrav). | Samarbeid med frivillige og organisasjonar |
| Mat og ernæring – tilpassa medisinske behov. | Matservering med valfridom og lokalmat |
| Praktisk hjelp og hygiene (dusjing, påkledning og tannstell) | Sminke, hårstell, handling, hjelp til bruk av teknologi, kontakt med familie eller nettverk. |
| Forsvarleg drift og bemanning (krav til kompetanse og kvalitet). | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasientjournallova, helsepersonellova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige helse- og omsorgstenester, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester. Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Førde omsorgssenter hadde meirforbruk i 2024 på 10,6 millionar. Eininga har eit sjukefråvær på 18,7%, som er høgast blant omsorgssenterane. Alle omsorgssentera har eit differensiert tilbod, og opplever meir omfattande behov enn før. På grunn av demografiutviklinga må ein forvente auke i behovet for institusjonsplassar framover.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang | Større grad av samlokalisering av ulike tenester og spesialisering på de tyngste brukarane. Eksempelvis har demensomsorg behov for kompetanse og eina bygg for å drifte effektivt. |
| Lang | Kommunen bør gjære ein analyse med framskriving av behov og bemanning som ligger til grunn for ein plan for institusjons- og butilbod. |
| Kort | Sektoren må halde fram arbeidet med arbeidsdeling mellom einingane. |

# Status eining: Sande heimeteneste

**Hovudoppgåver:**

Heimetenesta har som hovudoppgåve å gi naudsynt hjelp og støtte til personar som bur heime, men som på grunn av alder, sjukdom eller funksjonsnedsetting har behov for bistand i kvardagen.

Dette omfattar praktisk hjelp i heimen (som reinhald og matlaging), personleg stell, medisinsk oppfølging, rehabilitering og omsorg. Heimetenestene skal bidra til at brukarar kan leve eit mest mogleg sjølvstendig og verdig liv i eigen bustad, og dei skal tilpassast individuelle behov og livssituasjonar.

Einingane er ulike i størrelse og tal brukarar/timar. Dei er også ulike ift om dei gir hjelp i omsorgsbustader, driv ambulerande tenester eller ein kombinasjon av desse. Det gir ulike faglege utfordringar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga er lokalisert ved Sande omsorgssenter, i sentrum av Sande. Eininga er i all hovudsak ambulerande. Altså at dei yter omsorg i heimen til brukarane. Eininga har tett og godt samarbeid med omsorgssenteret og brukar ressursar på tvers.

Ein einingsleiar og ein assisterande einingsleiar har det administrative ansvaret. Eininga har 17,28 årsverk i budsjettet, men utbetalar løn til kun 13,00 (per 01.01.25). Det gir eit godt bilete på vakanse- og rekrutteringsutfordringa eininga står i, og har stått i over tid.

Heimetenesta har over fleire år balanse i forhold til driftsutgifter og inntekter, men stort mindreforbruk på løn.

Har utfordringar med å få tilsett i vikariat som er ledige, noko som har ført til at vi har tatt inn ufaglærde. Konsekvensen av dette kan på sikt vere at tilsette er mindre fornøgde med turnus, tilsette som søker seg vekk og at fagkompetansen blir forringa i eininga. Det vil gå ut over kvaliteten.

| Omsorg | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | Naustdal omsorgssenter | Skei omsorgssenter | Førde omsorgssenter | **Sande heimeteneste** | Naustdal heimeteneste |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkentenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 14,5 | 14,8 | 16,0 | 13,0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 10,2 (12,9) | 12,7 (14,5) | 12,1 (14,3) | (14,1) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,5 (1,7) | 1,7 (1,4) | 1,6 (1,5) | (1,5) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -0,5 (-0,5) | -0,4 (-0,5) | -0,7 (-0,4) | (0,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **11,2 (14,1)** | **14,0 (15,5)** | **13,0 (15,4)** | **(15,2)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 88 personar | Tal brukarar per mnd (omfang) |
| 689 t/mnd | Tiltakstimar per mnd (behov) |
| 1 621 kr/t | Kostnad per tiltakstime |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak planlagt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Sande heimeteneste

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Nødvendig helsehjelp i heimen | Koordinering med pårørande og frivillige |
| Medisinsk oppfølging (heimesjukepleie) og praktisk bistand (heimehjelp) | Aktivisering og stimulering (gåturar, enkle øvingar, samtale) |
| Dokumentasjon og journalføring | Praktisk bistand kombinert med helsehjelp |
| Individuell vurdering, medverknad enkeltvedtak | Bruk av velferdsteknologi - tryggleiksalarm (strengt anbefalt) |
| Forsvarleg drift og kompetanse | Matombringing og transporttenester |
| Avlastning | Avlastning i heimen |
| Demensomsorg (fleire lovkrav) | Sosial kontakt og samtale |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter helse- og omsorgstenestelova, pasientjournallova, helsepersonellova m.fl..

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige helse- og omsorgstenester, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, som å sikre livskvalitet, omsorg og forsvarleg og heilskaplege tenester.

**Analyse:**

Sande heimeteneste hadde mindreforbruk i 2024 på 2,4 millionar, noko som skuldast vakanse og rekrutteringsproblematikk. Eininga har eit sjukefråvær på 14,7%. På grunn av demografiutviklinga må ein forvente auke i behovet for omsorgstenesta framover. Utgifter per mottakar er noko under landssnittet, men vi gir tenester til langt fleire (særleg i aldersgruppa 80 år +).

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Lapande vurdering om det er riktig nivå på tildelte tenester |
| Lang | Effektivisere planlegging og ruteval gjennom ny og betre systemløysing for å avlaste adm. ressursar |
| Kort | Digital kartlegging med pårørande til demenspasientar |
| Kort | Etablere felles arbeidsmetodar og effektiv utnytting av ressursar i demensteamet. |
| Kort | Sørge for riktig nivå på brukarbetalingar |
| Kort | Innbyggardialog som sikrar tydeleg forventningsavklaring rundt tenestenivået, og i enda større grad oppfordre pårørande til å bidra ovanfor brukar. |
| Lang | Planlegge for butilbod nær bemanningsbasar for omsorgstenestene. |

# Status eining: Naustdal heimeteneste

**Hovudoppgåver:**

Heimetenesta har som hovudoppgåve å gi naudsynt hjelp og støtte til personar som bur heime, men som på grunn av alder, sjukdom eller funksjonsnedsetting har behov for bistand i kvardagen.

Dette omfattar praktisk hjelp i heimen (som reinhald og matlaging), personleg stell, medisinsk oppfølging, rehabilitering og omsorg. Heimetenestene skal bidra til at brukarar kan leve eit mest mogleg sjølvstendig og verdig liv i eigen bustad, og dei skal tilpassast individuelle behov og livssituasjonar.

Einingane er ulike i størrelse og tal brukarar/timar. Dei er også ulike ift om dei gir hjelp i omsorgsbustader, driv ambulerande tenester eller ein kombinasjon av desse. Det gir ulike faglege utfordringar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Er i all hovudsak ei ambulerande teneste – altså at helsepersonell kjem heim til folk der dei bur. Sona ein skal dekke er utstrakt, frå Vevring til Instedalen. Hausten 2024 flytta personalbasen inn i Frisksenteret i Naustdal sentrum, i nærheit til omsorgsbustadar. Er organisert med ein einingsleiar og ein assisterande.

Eininga har hatt god sjukepleiardekning og rekrutterer godt samanlikna med andre. Har hatt stabil og god drift og tett samarbeid med omsorgssenteret og Bu- og miljøtenesta i Naustdal.

Budsjettet er vidareført med same aktivitetsnivå som i 2023, men det merkast at brukarane er sjukare no enn tidlegare. Dette er handterbart, men eininga (i likskap med andre heimetenester) er avhengig av at dei andre omsorgstenestene har tilstrekkeleg kapasitet, slik at dei kan spele på kvarandre. Dette gjeld mellom anna:

- Korttidsplassar: Sjuke som vert raskt skrivne ut frå sjukehus/brukarar som bur heime, men som i ein kortare periode treng avlastning/rehabilitering.
- Omsorgsbustader til eldre og demente
- Dagtilbod til eldre: avlastning for pårørande som står i særs tyngande omsorgsoppgåver.

| Omsorg | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sande omsorgssenter | Naustdal omsorgssenter | Skei omsorgssenter | Førde omsorgssenter | Sande heimeteneste | **Naustdal heimeteneste** |
| Skei heimeteneste | Vassenden heimeteneste | Førde ht, eining 1 | Førde ht, eining 2 | Skei bu- og miljøteneste | Førde bm, eining 1 |
| Førde bm, eining 2 | Førde bm, eining 3 | Sande bu- og miljøteneste | Naustdal bu- og miljøteneste | Tildelingseininga | Kjøkkentenesta |
| Bemanningseininga | | | | | |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
Kommunen har ikkje eit direkte lovpålagt ansvar for idrett, men Staten forventar at kommunane legg til rett for fysisk aktivitet og idrett gjennom planlegging og støtteordningar. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet er forankra i nasjonale føringar og rettleiarar frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

**Kultur og idrett**

Kommunalsjef | Kultur og ungdom | **Idrett og friluftsliv** | Kulturskule | Bibliotek

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 6,9 | 6,5 | 6,9 | 6,6 |
| Lønn (rev. budsjett) | 5,3 (5,9) | 6,2 (6,6) | 5,9 (6,3) | (6,1) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 3,2 (2,7) | 3,7 (2,7) | 6,4 (2,9) | (3,1) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -5,1 (-4,5) | -5,3 (-4,8) | -8,1 (-4,7) | (-4,9) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **3,4 (4,1)** | **4,5 (4,5)** | **4,3 (4,5)** | **(4,3)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 10 | Søknader etter lov om motorferdsel i utmark |
| 49 | Søknader om spelemidlar (3 om forskottering) |
| 13 000 | Badebillettar |
| 26 000 | Utleigetimar idrettshallar og basseng |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Reduksjon i driftsutgifter | Politisk vedtak i innsparing | 0,15 | 0,15 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Idrett og friluftsliv

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Handsaming av motorferdsel i utmark | Utleige av idrettsanlegg og offentleg bading |
| Handsaming av spelemidlar | Drift av kommunale idrettsanlegg ute |
| Forvaltning av 3 verneområde (etter forskrift) | Forvaltning av friluftsanlegg og område |
| | Samarbeidspart for alle verneområde |
| | Støtte til frivillige lag og organisasjonar |
| | Utviklingsprosjekt og forskottering av spelemidlar |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Mykje av dei ikkje lovpålagde tenestene bringer direkte inntekter til kommunen. Eininga er og med på å hente inn mykje midlar til både eigne anlegg og andre anlegg -både offentlege og til lag og organisasjonar i kommunen. Førebyggande folkehelse står sterkt i nesten alle oppgåver eininga gjer.

**Analyse:**

Eininga hadde eit mindreforbruk i 2024 på 0,3 millionar, og eit sjukefråvær på 2,7 %.

Eininga har ingen nye planlagde tiltak for innsparing, neste steg vert å sjå på midlar og personale som er bunde i avtalar.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| | |

# Status eining: Kulturskule

**Hovudoppgåver:**

Sunnfjord kulturskule har stor aktivitet og utviklingskraft sett i høve til kommunestorleiken. Kulturskulen er eit ressurssenter i kommunen for både frivillige, offentlege og andre profesjonelle aktørar. Hovudoppgåvene våre er undervisning av barn og unge i alderen 2-19 år i ulike kultur- og kunstfag, sal av musikartenester i heile regionen og å ivareta den immaterielle kulturarven. Vi er ein viktig ressurs for frivillig kulturliv og oppvekstsektoren med personalressursar innan kulturfaga.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Som ressurssenter samarbeider kulturskulen tverrsektorielt internt i kommunen med både skule, barnehage, helse og omsorg i tillegg til dei andre kultureiningane. Gjennom samarbeid med helse har folkehelsetiltaket Førde seniorkor oppstått, med over 50 medlemmer per i dag. Kulturskulen er også med og driv Førde internasjonale kor, som er ein lågterskel møtestad for alle som likar å synge. Eit aukande fokus på musikken sin positive effekt for folkehelsa, har resultert i tilsetjing av musikkterapeut. I 2023 tilsette eininga teaterlærar i kulturskulen, og over 70 barn og unge i kommunen får teateropplæring. I eit samarbeide med Teater Vestland har vi starta «Teater Vestland Ung» for dei eldste elevane. Sunnfjord kulturskule har gjennom fleire år tatt eit leiaransvar for fordjupings-/talenttilbod til kulturskuleelevar i ein større region. I 2022 og i 2024 fekk kommunen midlar frå Dextra-stiftinga til å samskape eit fordjupingstilbod, først i sju kommunar, og frå 2024 i ni kommunar i Sunnfjord, Nordfjord og Ytre Sogn. Tilbodet vert gitt til elevar i visuelle kunstfag og musikk. Fleire av kulturskulen sine elevar er no å sjå og høyre på nasjonale og internasjonale scener.

Kulturskulen har høge krav til inntening og sel mange av tenestene til kostpris. I tillegg er nokre av oppgåvene finansiert med prosjektmidlar. Elevbetalinga dekker om lag 1/3 av kostnaden med undervisninga.

**Kultur og idrett**

Kommunalsjef | Kultur og ungdom | Idrett og friluftsliv | **Kulturskule** | Bibliotek

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 16,9 | 16,4 | 15,2 | 16,7 |
| Lønn (rev. budsjett) | 13,7 (14,1) | 15,5 (16,2) | 16,0 (16,3) | (15,9) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,9 (0,8) | 1,7 (1,0) | 1,7 (1,0) | (1,2) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -7,0 (-6,4) | -6,9 (-6,8) | -7,5 (-7,1) | (-7,3) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **8,6 (8,6)** | **10,3 (10,4)** | **10,3 (10,2)** | **(9,9)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 475 | Unike elevar |
| 100 | Elevar på fleire fag |
| 145 | Tal elevar på venteliste |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Auke i elevkontingent | Politisk vedtak i innsparing | 0,1 | 0,1 | 2025 |
| Sagt opp to avtalar om kjøp av tenester | Politisk vedtak i innsparing | 0,07 | 0,087 | 2025 |
| Innsparing kurs, reklame, lokalleige | Politisk vedtak i innsparing | 0,07 | 0,086 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Kulturskule

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Tilbod om kulturskule | Breiddetilbod, lågterskel tilbod og fordjupingstilbod. Sal av profesjonelle musikartenester |
| Organisering og tilknyting | Deltaking i lokale arrangement |
| Politiattest og tilsettingsforbod | Samarbeid med grunnskule og barnehage |
| | Tilpassa opplæring og inkludering |
| | Utviklingsarbeid og innovasjon |
| | Dirigent og instruktørtenester til frivilligheita |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Det er ikkje lovfesta rett til plass i kulturskulen, og det er opp til kommunen å bestemme innhald og kapasitet. Reglane i opplæringslova om politiattest og tilsettingsforhold gjeld også for kulturskulen. Kulturskulen kan vere ein arena for pedagogisk utvikling og nytenking, i tråd med den nye rammeplanen «Kulturskule for alle». Som lokalt ressurssenter i kommunen tilbyr kulturskulen elevplassar desentralisert på over 10 ulike lokasjonar. Vi leverer dirigentar til 9 korps og kor, musikkterapi til 7 skular, musikkopplæring til 8 skular, konserttilbod til alle omsorgsentra, driftar kulturnatt i juni kvart år, driftar den lokale skulesekken for alle skulane. I tillegg har kulturskulen tett samarbeid med Teater vestland, Opera Nordfjord, Gloppen musikkfest, Sunnfjord kunstlag, Sogn musikkdagar og eit utal andre aktørar.

**Analyse:**

Eininga hadde eit mindreforbruk i 2024 på 0,04 millionar, og eit sjukefråvær på 2,8 %.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| H2026 | Meir undervisning i grupper |
| H2026 | Auke elevbetaling |
| H2026 | Redusere tal stillingar |

# Status eining: Bibliotek

**Hovudoppgåver:**

Sunnfjord bibliotek har hovudbibliotek i Førde, kombinasjonsbibliotek med grunnskule på Vassenden, Naustdal, Skei, Sande og Viksdalen(nytt 2025). Alle seks biblioteka er godt besøkt av barnefamiliar og vaksne, og har hovudfokus på leseglede, kunnskap og kultur.

I tillegg driftar biblioteka nynorske barnebibliotek på alle dei seks dagsturhyttene, lesekiosk i Førde og bok-i-butikk-tilbod i Bygstad.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Bibliotek er ein viktig demokratisk institusjon i lokalsamfunnet. Samfunnsoppdraget er breiare enn tidlegare. Å vere til stades i ei boksamling for at publikum skal få låne og levere inn bøker, er berre ei av oppgåvene.

Biblioteka har fokus på å inkludere nye innbyggarar og hindre utanforskap ved å tilby tenester gratis, som til dømes tilby lån av materiale på andre språk, arrangement og aktivitetar. Ved arrangement og aktivitetar har biblioteka fokus på møteplass, debatt, berekraft og livsmeistring.

Biblioteka arbeider prosjektbasert. Eit godt døme på dette er at Sunnfjord bibliotek saman med biblioteka i Bremanger og Øygarden kommune er i gang med eit pilotprosjekt kalla “Generasjonsmøte med litteratur” finansiert av Vestland fylkeskommune. Elevar og barnehageborn møter eldre i omsorgsbustader og institusjonar. Formålet er å skape møte på tvers av generasjonar der dei yngre vert kjende med menneske i ulike livsfasar og dei eldre kan møte nye menneske der dei bur. Gjennom litteratur og felles lesing er målet å auka livskvalitet og kognitiv funksjon.

Biblioteket har 14 pågåande prosjekt med tilhøyrande søknad om prosjekt midlar til desse.

Kultur og idrett

Kommunalsjef | Kultur og ungdom | Idrett og friluftsliv | Kulturskule | **Bibliotek**

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 6,9 | 7,6 | 7,5 | 7,4 |
| Lønn (rev. budsjett) | 6,1 (5,9) | 6,9 (6,8) | 6,9 (6,8) | (6,6) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 1,8 (1,5) | 1,9 (1,6) | 1,8 (1,8) | (1,8) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -0,6 (-0,3) | -0,4 (-0,5) | -0,3 (-0,5) | (-0,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **7,3 (7,1)** | **8,4 (7,9)** | **8,4 (8,0)** | **(7,9)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 11,8 | Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggar |
| 4,3 | Besøk folkebibliotek per innbyggar |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Viksdalen bibliotek | Nytt kombinasjonsbibliotek | 0 | 0 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Bibliotek

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Folkebibliotek som stiller bøker og andre mediar til gratis rådigheit | Spesialtilbod for barn og unge |
| Fremme kunnskap, utdanning og andre kulturelle aktivitetar | Utvida opningstid (meirope bibliotek) |
| Aktiv formidling, uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt | Språk- og integreringstiltak, Lokalhistorisk samling |
| Ledd i nasjonalt biblioteksystem og samarbeid med andre bibliotek | |
| Innhaldet og tenester skal gjerast kjent | |
| Tilgjenge for alle og gratis | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Folkebiblioteket omfattar bibliotektenester for alle som har spesielle vanskar med å bruke biblioteket. Total beredskap, frå Stortingsmelding nr. 9. Forebygging ekstremisme, frå Stortingsmelding nr. 13. God opparbeida kompetanse på drift og utvikling av skulebibliotek.

**Analyse:**

Auke utlån og besøk i 2025, prosjektbasert, desentraliserte tenester. Jobbar på tvers av tenesteområder i kommunen. Prosjekta er i samarbeid med skule, helse, ungdomsklubb, nærmiljø, frivillige organisasjonar og andre kommunar.

Fleire filialar enn kommunar som ein samanliknar seg med.

Eininga hadde eit meirforbruk i 2024 på 0,3 millionar, og eit sjukefråvær på 2,9 %.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Lang sikt | Struktur (færre filialar) |

# Status sektor: Teknisk og miljø

**Hovudoppgåver:**

Sektoren femnar om viktige samfunnsområde som dagleg møter innbyggarane. Høg kvalitet på tenester for innbyggarane og dei andre sektorane er hovudoppgåva og målet til sektoren. Sektoren vil medverke til langsiktig tilrettelegging og planlegging for bustader, næring og samferdsel. Sunnfjord Kommune sitt arbeid med klima og miljø blir koordinert frå sektoren.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Sektoren har eit innsparings- og omstillingskrav i 2025 på 5,0 mill. kroner og eit utfordringsbilete frå 2024 på 1,1 mill. kroner. Per mars melder sektoren om eit meirforbruk på 0,9 mill. kroner.

Den samla bygningsmassen tilsvarar 36 000 innbyggarar. Vedlikehaldsbudsjettet er relativt svekka frå tidlegare. Tilsvarande for veg. Kommunen har mykje og dårleg veg, med eit aukande vedlikehaldsetterslep. Vedlikehaldsnivået vil over tid påverke investeringsbehovet i kommunen og bør sjåast i samanheng.

Utgiftsnivået i sektoren er påverka av eksogent gitte faktorar. Hendingar som ras, brann, nedbør/snø, straumprisar og bygg- og anleggsaktiviteten påverkar utgifter og aktivitetsnivået gjennom året. Sektoren har ingen fond (med unntak av sjølvkostområde) til å ta ekstraordinære svingingar (straumfond, fond for ekstremvær e.l.).

Dagens struktur og busettingsmønster har sannsynlegvis betydning for driftsnivå og effektivitet.

Sunnfjord har som mål å vere ein regionmotor på Vestlandet. Sektoren legg til rette for samfunns- og næringsutvikling. Som den største landbrukskommunen i Sogn og Fjordane er landbruksnæringa viktig.

| Teknisk og miljø | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Bygg og eigedomsforvaltning | Reinhald og vaskeri | Teknisk drift | Brann og redning | Areal- og byggesak | Landbruk og miljø |

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 172 | 174 | 174 | 167 |
| Lønn (rev. budsjett) | 137,7 (136,0) | 158,7 (159,1) | 155,2 (157,9) | (155,7) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 147,5 (144,9) | 166,4 (155,5) | 191,8 (163,7) | (165,0) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -157,6 (-153,6) | -166,9 (-167,9) | -186,3 (-164,6) | (-174,6) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **127,6 (127,4)** | **158,1 (146,7)** | **160,6 (157,0)** | **(146,2)** |

| Planlagde tiltak: | Planlagd innsparing | Framdrift innsparing |
|---|---|---|
| Innsparing 2025 | 5,0 | |
| Innsparing 2026 | 12,0 | |
| Innsparing 2027 | 20,0 | |
| Innsparing 2028 | 34,5 | |

# Status eining: Bygg- og eigedomsforvaltning (BEF)

**Hovudoppgåver:**

Eininga skal forvalte kommunen sin bygningsmasse, og verdiar knytt til det, på ein profesjonell og berekraftig måte. BEF skal syte for at det samla kommunale behovet for «tak over hovudet» vert løyst. Både innan formålbygg (skular, idrettshallar og institusjonar) og bustader (omsorgsbustader, sosialt vanskelegstilte og flyktningar).

Vaktmeistertenester, straum, kommunale avgifter, vedlikehald, det meste av serviceavtalar, forsikringar og leigeinntekter i kommunen, er lagt til eininga. Det same er arbeidet med ENØK.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

BEF har 3 tilsette i administrasjon, 2 koordinatorar, 3 prosjektleiarar, og 24 byggdriftarar. I tillegg administrerer eininga flyktningbustader med 2 tilsette i forhold til prosjektet "krigen i Ukraina". Samla har eininga 35 tilsette med budsjett på til saman 32,1 årsverk. Det er pt 180 % vakanse i eininga.

Sunnfjord kommune har 60 % meir bygningsmasse enn samanliknbare kommunar – nok til 36 000 innbyggarar!

Fire nye idrettshallar, Hafstad skule, Astruptun, avlastningssenter, Friskhus og eit stort antal flyktningbustadar sidan 2020. Aukande bygningsmasse og vekst i byggekostnader over ordinære prisvekst, gjer at vedlikehaldsbudsjettet er relativt svakare no enn før. Nyttar 80 kr/m2 til vedlikehald. Anbefalt nivå er 230 kr/m2.

Eininga sin jobb er å forvalte heile den kommunale bygningsmassen gjennom drift, vedlikehald, ENØK-tiltak, straumstyring og mykje meir. I 2023 og 2024 har BEF fått tilført større oppgåver innan busetjing av flyktningar. I tillegg har BEF prosjektleiaransvaret for store kommunale investeringsprosjekt.

Det er budsjettert 19,3 mill. kroner til straum og fjernvarme. Eininga sitt meir eller mindreforbruk er sensitivt for straumprisen gjennom året.

Teknisk og miljø

| Bygg og eigedomsforvaltning | Reinhald og vaskeri | Teknsik drift | Brann og redning | Areal- og byggesak | Landbruk og miljø |
|---|---|---|---|---|---|

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 29,9 | 33,6 | 32,4 | 30,9 |
| Lønn (rev. budsjett) | 21,9 (22,6) | 26,5 (26,7) | 25,2 (26,3) | (27,1) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 55,8 (64,4) | 78,4 (73,4) | 98,0 (76,6) | (72,4) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -52,0 (-52,5) | -62,1 (-59,8) | -70,4 (-52,2) | (-56,8) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **25,7 (34,5)** | **42,8 (40,3)** | **52,7 (50,7)** | **(42,7)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 180 000 m2 | Kvadratmeter formålsbygg |
| 340 + 230 | Bustader + bustader til framleige |
| 80 kr/kvm (230 kr/kvm) | Vedlikehald per kvm (anbefalt nivå) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Energiøkonomisering | Politisk vedtak i innsparing | 1,0 | 1,0 | 2025 |
| Auke husleige på kommunale bustader | Politisk vedtak i innsparing | 1,8 | 1,8 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Bygg- og eigedomsforvaltning

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Forvaltning av kommunale bygg | Strategisk eigedomsforvaltning |
| Brannvern og HMS | Utleige av kommunale bustader og næringslokale |
| Forsvarleg drift (inneklima) og vedlikehald | Prosjektleiing ved nybygg og rehabilitering |
| Internkontroll og dokumentasjon | Miljøsertifisering og grøn drift (t.d. ENØK-tiltak). |
| Universell utforming (UU) - delvis | Digital eigedomsforvaltning. |
| Energibruk og miljøkrav – delvis | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter PBL, arbeidsmiljølova, helse- og omsorgstenestelova, brann- og eksplosjonslova m.fl.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, eller for å sikre forsvarleg og heilskapleg drift og vedlikehald.

**Analyse:**

Eininga hadde et meirforbruk på 2 millionar i 2024 grunna førebuing til ein auke i flyktningar som har . Sunnfjord Kommune brukar mykje på bygg og eigedom i forhold til samanlikningskommunane grunna mange formålsbygg og utleigebustadar.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort og Lang | Redusere areal og formålsbygg |
| Kort | Energiøkonomisering |
| Kort | Sal av kommunale bygg |
| Kort | Vurdere kjøp av vaktmeistrar |
| Kort | Auke husleige på kommunale bustader |
| Lang | Auke vedlikehaldsbudsjettet (redusere investeringsbehovet) |
| | |

# Status eining: Reinhald og vaskeri

**Hovudoppgåver:**

Eininga for reinhald og vaskeri har ansvar for å sikre hygieniske og trygge omgjevnader i kommunale bygg og bustader. Dette omfattar dagleg og periodisk reinhald i skular, barnehagar, sjukeheimar og kontor, med fokus på godt inneklima, smittevern og miljøvennlege metodar.

Vaskeritenesta tek hand om tekstilar som sengetøy, arbeidstøy og pasientklede, og sørgjer for hygienisk behandling i tråd med gjeldande krav.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Er den største eininga i Sunnfjord ut i frå tal tilsette (95 stk). Er difor organisert med ein einingsleiar (lokalisert på rådhuset i Førde) og to assisterande einingsleiarar fordelt på ulike lokasjonar.

Eininga handterer innkjøp av reinhaldsartiklar (papir, såpe, uniformar og andre forbruksvarer m.m.) på vegne av alle einingar i kommunen.

Den samla bygningsmassen aukar år-for-år. Friskhus i Naustdal, Bygstad hall, Presetebøen 8 m.m. er eksempel på nye areal i løpet av 2024. I same periode som kvadratmetera går opp, går tal årsverk ned. Eininga er reelt svekka mot tidlegare.

Noko har ein klart å effektivisere, men mykje må takast gjennom å nedprioritere/forskyve reinhald på ulike typer bygg i form av lågare vaskefrekvens. Over tid går det ut over kvaliteten og vedlikehaldet. På lang sikt kan det påverke investeringsbehovet.



| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 71,6 | 65,3 | 66,4 | 67,0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 42,5 (42,4) | 49,2 (48,9) | 48,9 (48,0) | (47,0) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 5,9 (4,6) | 5,2 (4,6) | 5,0 (4,8) | (4,9) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -1,7 (-1,2) | -1,5 (-1,2) | -1,6 (-1,3) | (-1,3) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **46,7 (45,8)** | **53,0 (52,2)** | **52,3 (51,4)** | **(50,6)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 117 000 kvm | Samla vaskeareal* |
| 446,6 kr / kvm | Kostnad per kvm |
| | |

*Ein del areal manglar som følgje av manglande registrering og utdaterte teikningar. Samla areal er reelt sett høgare.

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Driftskostnadar | Vedtak politisk i innsparing | 0,3 | 0,3 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Reinhald og vaskeri

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Reinhald av bygg brukt til lovpålagde tenester. | Reinhald av kulturbygg, idrettsanlegg og frivilligsentralar. |
| Smittesikring og hygiene i helse- og omsorgstenester. | Vaskeri for private eller frivillige |
| Interkontroll og dokumentasjon. | Miljøvennlege reinhaldsmetodar |
| | Digital reinhaldnsplanlegging |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter arbeidsmiljølova, helse- og omsorgstenestelova, opplæringslova m.fl.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, eller for å sikre forsvarleg og heilskapleg drift og vedlikehald.

**Analyse:**

Eininga hadde et meirforbruk på 0,9 millionar i 2024 medan netto kostnad gjekk ned 0,7m frå føregåande år. Sjukefråværet var på 9,7%. Eininga har kostnaden ved kjøp av klede og sengetøy for omsorgseiningane. Posten har hatt eit meirforbruk som eininga ikkje påverkar.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Redusere vaskefrekvens |
| Kort | Overføre kjøp av uniform, frotte og sengetøy til omsorgseiningane |
| Lang | Har vaskeri på alle institusjonane, vurdere struktur på vaskeri |
| Lang | Vurdere konkurranseutsette vaskeri |

# Status eining: Teknisk drift

**Hovudoppgåver:**

Teknisk drift arbeider for trygg og effektiv ferdsel på kommunale vegar, god trafikktryggleik og vedlikehald av veg, lys, park og grønt. Dei fremjar miljøvennleg drift, tek i bruk ny teknologi og jobbar smart for å utnytte ressursane best mogleg. Eininga har ansvar for sakshandsaming etter veglova, kvalitetssikring og deling av vegdata, og legg vekt på kunnskapsheving og god dialog med innbyggarane – alt for å støtte økonomisk aktivitet, betre livskvalitet og redusere miljøpåverknad.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Teknisk drift er fordelt på fire lokasjonar (Førde, Sande, Naustdal og Jølster). Vatn, Avløp og Overvatn (VAO - sjølvkostområdet) er skilt ut som ei eiga eining, underlagt same einingsleiar som Teknisk drift. Mannskapet vert balansert mellom teknisk drift og sjølvkostområdet etter behov og aktivitet gjennom året.

Sunnfjord kommune har 320 km kommunal veg. Noko over halvparten av vegnettet har fast dekke, resten er gruslagt. I tillegg har vi 10 km gang- og sykkelveg, 94 bruer og 3 tunnelar, veglys, park- og grøntanlegg, og uteareal- og parkeringsplassar ved kommunale bygg.

Avdelinga har òg ansvar for gjennomføring av ras og flaumsikringstiltak. Eininga har eigen verkstad som driftar og vedlikehald bil- og maskinpark. Eininga har og ein maskinpark som tek mindre utbyggingsoppgåver og vedlikehaldsarbeid.

Stort vedlikehaldsetterslep (est. 300 mill. kroner). Budsjettramme samsvara ikkje med kalkyle for å oppretthalde dagens standard. Det er auka utfordringar i høve vêrtilhøve og enkelthendingar. Store avstandar, topografi, spreidd busetnad og desentralisert struktur over fleire klimasoner.

Til forskjell frå «alle andre» så er ikkje hovuddelen av utgiftene i teknisk drift knytt til løn, men til løpande avtaler og kontraktar (t.d. snøbrøyteavtaler).

Avskrivingar – altså verdifallet over tid på til dømes ein veg– må takast med når ein vurderer innsparingspotensialet opp mot andre kommunar i KOSTRA. Avskrivingskostnaden kan ein i liten grad spare-, effektivisere eller organisere seg bort ifrå.



| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 12,7 | 11,5 | 12,5 | 12,9 |
| Lønn (rev. budsjett) | 9,9 (7,3) | 10,1 (9,7) | 11,2 (10,1) | (10,1) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 34,4 (31,2) | 34,2 (33,0) | 34,6 (33,7) | (35,6) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -7,2 (-6,5) | -7,7 (-7,3) | -7,9 (-7,3) | (-8,5) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | 37,1 (32,1) | 36,6 (35,3) | 37,9 (36,5) | (37,3) |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 320 km | Kommunale vegar (NVDB 280 km) |
| 94 | Bruer, stort etterslep, avvik på 83 av 94. |
| 22 | Tal bilar 12 / traktorar 6 / lastebilar 4 (ein stor) |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Gebyrinntekter Grave løyve | Innføring av graveløyver i og inntil kommunal veg. | 0,1 | 0,1 | 2025 |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Teknisk drift

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Vatn og avløp (VA) | Veglys |
| Overvasshandtering | Parkar og grøntareal |
| Kommunale vegar (bruer og tunellar) | Turstiar og benkar |
| Trafikksikring | Blomsterplanting |
| Leikeplassar (der kommunen er eigar/ansvarleg) | Servicetenester (utleige av utstyr, toalettbygg) |
| | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter vatn og avløpsanleggslova, forureiningslova, veglova, pbl og forskrifter m.fl.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, eller for å sikre forsvarleg og heilskapleg drift og vedlikehald.

**Analyse:**

Eininga hadde et meirforbruk på 1,4 millionar i 2024. Kommunen brukar vesentleg meir på samferdsel enn kostragruppe 9, mykje grunna mange km kommunal veg som skal vedlikehaldas og høge avskrivingar. Eininga gjer mykje av vedlikehald knytt til veg sjølv, har derfor ein stor maskinpark.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Harmonisere drift av kommunale vegar mellom dei fire kommunane |
| Kort | Redusere tal km kommunal veg |
| Kort | Drift av kommunale vegar |
| Kort | Vurdere kjøp av private tenester til vegvedlikehald |
| Kort | Vurdere kontraktsstrategi på vintervedlikehald |

# Status eining: Brann og redning

**Hovudoppgåver:**

Brann- og redning har som hovudoppgåve å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar.

Vi rykker ut ved brannar, trafikkulykker, naturhendingar og andre akutte situasjonar, og samarbeider tett med politi og helsevesen. I tillegg driv vi aktivt førebyggjande arbeid gjennom tilsyn, feiing, opplæring og risikovurderingar i lokalsamfunnet. Brannvesenet spelar ei viktig rolle i kommunal og regional beredskapsplanlegging. Nærleik og lokalkunnskap er avgjerande for å handtere både kvardagslege og ekstraordinære hendingar.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Eininga er organisert med 14 heiltidsstillingar + 70 deltidstilsette fordelt på seks lokasjonar. Hovudbrannstasjon i Førde, Skei (ny stasjon 2024), Vassenden (10 års leigeavtale – 9 år står att), Gaular og Naustdal (leigeavtale) i tillegg til eit branndepot i Viksdalen. Har om lag 200 utrykkingar i året.

Det pågår utgreiing av ny hovudbrannstasjon i Førde. Lokasjon ved Hafstadflata vil kunne opne opp for nedlegging av Vassenden og Naustdal – ift utrykkningskrav. Ved eksisterande lokasjon (Ytre Øyrane) vil det ikkje vere mogleg å gjere noko med Vassenden.

Vaktgodtgjersle for deltidstilsette, innført i 2023, er spelt inn som innsparingstiltak, men møter massiv kritikk blant dei tilsette. Utgjer 600 000 kroner (sjølvpålagd beredskap) + 2-300 000 (beredskap med alarm).

Utredning for organisering av brannberedskap i Sunnfjord og Nordfjord. Uklart kva dette vil avdekke. Sårbare ift store hendingar. Kan samle 2-300 personar ved krisehendingar, men beredskapsøvingar viser at ein burde hatt det dobbelte

Har gode avtaler for inntekter (forsikringsselskap, Helse Førde, falske alarmar).

**Teknisk og miljø**

| Bygg og eigedomsforvaltning | Reinhald og vaskeri | Teknsik drift | Brann og redning | Areal- og byggesak | Landbruk og miljø |
|---|---|---|---|---|---|

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 13,0 | 16,3 | 15,2 | 12,8 |
| Lønn (rev. budsjett) | 22,9 (20,1) | 25,1 (23,5) | 23,8 (23,3) | (23,2) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 10,9 (7,3) | 10,4 (7,0) | 10,6 (7,7) | (7,8) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -7,8 (-6,3) | -8,6 (-6,8) | -9,4 (-7,6) | (-8,1) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **26,1 (21,1)** | **26,9 (23,8)** | **25,0 (23,4)** | **(23,0)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| 1 198 kr (1 138 kr) | Netto driftsutgifter pr. innbyggjer (landsgj.snitt) |
| 12 | Tal alarmutrykningar 1. kv. 2025 (automatisk brannalarm) |
| 26 | Tal akutte hendingar 1. kv. 2025 (brann, trafikkulykke, bistand helse) |
| 35 | Andre oppdrag 1. kv. 2025 |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Unødige utrykkingar | Politisk vedtak i innsparing | 0,1 | 0,1 | 2025 |
| Redusere frå 16 til 14 brannkonstablar | Politisk vedtak i innsparing | 0,2 | 0,2 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Brann og redning

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Brann- og redningsberedskap | Akutthjelper i regi av Norsk Luftambulanse |
| Førebygging av brann og andre akutte ulykker | Samfunnsberedskap (kommunal kriseleiing og beredskapsplanlegging). |
| ROS-analyse | Assistanse til andre naudetatar (politi, helse, sivilforsvar). |
| Utrykking og innsats | Informasjonskampanjar (utover lovkrav om førebygging) |
| Feiing og tilsyn med fyringsanlegg | |
| Opplæring og øving | |
| Dokumentasjon og rapportering | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter brann- og eksplosjonsvernlova og forskrifter.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester. Eininga er strengt regulert - mange «må-oppgåver».

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket for å sikre liv, helse, infrastruktur og heilskapleg drift.

**Analyse:**

Eininga hadde et meirforbruk på 1,6 millionar i 2024. Plassering av ny hovudbrannstasjon vil vere avgjerande ift strukturalternativ.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Vurdere brannordninga (vaktordningar, tal brannmannskap, tal og type køyretøy). |
| Lang | Vurdere tal brannstasjonar i Sunnfjord – revidere stasjonsstruktur. |

# Status eining: Areal- og byggesak

**Hovudoppgåver:**

Eininga har ansvar for å forvalte arealbruk og byggesaker i tråd med plan- og bygningslova.

Dei viktigaste oppgåvene omfattar utarbeiding og oppfølging av kommuneplanar og reguleringsplanar, samt behandling av byggesøknader knytt til nybygg, riving og bruksendringar.

Eininga fører også tilsyn med at byggeprosjekt vert gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk, og har ansvar for kart- og oppmålingstenester, inkludert eigedomsgrenser og deling av eigedomar.

I tillegg handsamar dei søknader om dispensasjon frå planar og forskrifter, og behandlar klager frå innbyggjarar og andre partar

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Er lokalisert på rådhuset i Førde. Eininga har 19 årsverk i budsjettet og ein einingsleiar.

Det er i samband med Tenesteanalyse 2024 føreslege at det på sikt vert redusert tal stillingar i eininga. Det er ikkje effektuert per no, men eininga har i dag to årsverk ståande vakant.

Aktivitetsnivået i eininga vert påverka av aktiviteten i kommunen, i næringslivet og blant innbyggjarane.

Vedteken planstrategi legg opp til høg planaktivitet i kommunal regi (høgare aktivitet). Samstundes som høge rentekostnader dei siste åra gjer at utbyggingstakten er lågare no enn tidlegare. At kommunen tar ned og utsett fleire investeringsprosjekt forsterkar dette (lågare aktivitet).



| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 18,3 | 18,0 | 19,0 | 17,0 |
| Lønn (rev. budsjett) | 15,9 (17,1) | 18,8 (19,9) | 17,1 (19,8) | (19,9) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 5,8 (5,2) | 3,9 (4,2) | 2,8 (3,8) | (3,6) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -8,6 (-9,9) | -8,7 (-9,7) | -7,7 (-9,6) | (-9,9) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **13,0 (12,5)** | **13,9 (14,4)** | **12,2 (13,9)** | **(13,6)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| | |
| | |
| | |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Redusere 1 årsverk | Politisk vedtak i innsparing | 0,9 | 0,9 | 2025 |

# Analyse og tiltak eining: Areal- og byggesak

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Kommuneplan (Samfunnsdel og arealdel) | By- og stadsutvikling |
| Planstrategi | Rådgjeving til utbyggjarar |
| Reguleringsplan | Digitalisering og innsyn |
| Byggesaksbehandling | Planinitiativ frå private |
| Oppmålig og matrikkelføring | Utviklingsprosjekt |
| Medverknad, høring og klagehandsaming | |
| Kosekvensutgreiing | |
| Kart og planregister | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter plan- og bygningslova (PBL), kommunelova, matrikkellova m.fl. og forskrifter.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, eller for å sikre heilskapleg stedsutvikling og tilrettelegging for næringsaktivitet.

**Analyse:**

Eininga hadde eit mindreforbruk på 1,7 millionar i 2024 etter å ha redusert kostnadane tilsvarande frå 2023. Høg rente har påverka aktivitetsnivået i eininga dei siste åra.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Redusere tal stillingar |
| Kort | Auka inntekter |
| Kort | Ta i bruk KI |
| Lang | Vurdere interkommunalt samarbeid |

# Status eining: Landbruk og miljø

**Hovudoppgåver:**

Eininga har ansvar for å forvalte naturressursar og støtte opp om eit berekraftig landbruk og miljøarbeid.

Dei viktigaste oppgåvene omfattar forvaltning av tilskotsordningar innan jordbruk, skogbruk og miljøtiltak, samt rådgjeving og rettleiing til bønder og grunneigarar.

Eininga arbeider for å ta vare på dyrka jord og sikre berekraftig arealbruk, og har ei sentral rolle i kommunens klima- og miljøarbeid, til dømes ved å fremje fornybar energi og redusere klimagassutslepp frå landbruket.

I tillegg fører dei tilsyn med at lover og forskrifter innan landbruk og miljø blir følgde, som jordlova og skoglova.

**Dagens situasjon / årsak til avvik av fordeling av ressursar:**

Er lokalisert på rådhuset i Førde. Eininga har 10,4 årsverk i budsjettet og ein einingsleiar.

Eininga fekk tilsett ein ny fagkoordinator for utsleppsløyve og tilsyn. Bakgrunnen for tilsettinga var avløpssaka i 2024, der fleire reinseanlegg som vart søkt om, godkjent og bygd, var dyrare løysingar enn nødvendig.

Kommunedirektøren bestemte at kommunen skulle gå igjennom alle søknader om utsleppsløyver frå bustader og fritidsbustader i perioden 2020-2023, på nytt. Målet med gjennomgangen var å finne ut om kommunen har stilt krav om uforholdsmessig kostbare reinseløysingar.

Kommunedirektøren orienterte om status i avløpssakene i formannskapet 15 mai 2025. Arbeidet og behandling av erstatningsansvar held fram.

Teknisk og miljø

| Bygg og eigedomsforvaltning | Reinhald og vaskeri | Teknsik drift | Brann og redning | Areal- og byggesak | Landbruk og miljø |
|---|---|---|---|---|---|

| Økonomisk utvikling (i mill. kr): | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 9,9 | 10,1 | 10,6 | 10,1 |
| Lønn (rev. budsjett) | 8,2 (8,9) | 10,0 (10,3) | 10,1 (10,1) | (10,7) |
| Andre utgifter (rev. budsjett) | 4,8 (4,0) | 3,7 (3,5) | 3,9 (4,3) | (4,9) |
| Inntekter (rev. budsjett) | -5,3 (-4,3) | -4,6 (-4,3) | -4,4 (-4,4) | (-5,3) |
| **Totalt (rev. budsjett)** | **7,8 (8,6)** | **9,2 (9,5)** | **9,6 (10,0)** | **(10,3)** |

| Nøkkeltal: | Beskrivelse |
|---|---|
| | |
| | |
| | |

| Planlagde tiltak: | Beskrivelse: | Planlagd innsparing | Status innsparing | Effekt av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Ingen tiltak planlagt | | | | |

# Analyse og tiltak eining: Landbruk og miljø

## Analyse

| Lovpålagde tenester | Ikkje lovpålagde tenester |
|---|---|
| Landbruksforvaltning (behandle søknader om tilskot og andre midlar m.m.). | Rådgjeving og rettleiing. |
| Næringsutvikling i landbruket (BU-midlar og rettleiing). | Klimatiltak i landbruket. |
| Deling og omdisponering av landbrukseigedom | Miljøovervaking og kartlegging. |
| Miljøforvaltning | Skogbruk og bioenergi. |
| Natur- og biologisk mangfald | Tiltak mot gjengroing. |
| Kulturminne i landbruket | |
| Vilforvaltning og motorferdsel | |
| Landbruk i planarbeid | |

**Kommentarar til lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester:**

Tenester etter PBL, jordlova, forureiningslova, naturmangfaldslova, viltlova m.fl.

Kommunen har ansvar for å sikre innbyggjarane nødvendige funksjonar, men har handlingsrom til å organisere og prioritere tenester.

Mange «ikkje-lovpålagde» oppgåver kan likevel vere nødvendige for å oppfylle intensjonane i lovverket, eller for å sikre heilskapleg naturforvaltning og tilrettelegging for næringsaktivitet.

**Analyse:**

Eininga hadde et mindreforbruk på 0,4 millionar i 2024. Mange søknader og mykje saksbehandling av tilskott til landbruk og skogbruk.

## Moglege nye tiltak for eininga

| Tidshorisont | Beskrivelse |
|---|---|
| Kort | Mange søknadar som truleg kunne våre effektivisert ved bruk at nye systema eller økt bruk av KI |
| Lang | Vurdere interkommunalt samarbeid for å effektivisere og potensielt skape inntekter for eininga. |